Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 16 - 1992

Oslo 1992

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken

Utgjevarstad:
Avdeling for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 16 - 1992

Redaksjonen er avslutta 4. november 1992

Adresser:

Norsk namnelag, Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. (02) 85 43 75.

Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Tlf. (05) 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. (02) 85 43 75.

Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er 130 kroner for året.

INNHALD

Formannen har ordet 4
Utsetjing av landsmøtet i Norsk namnelag 5
Namn og Nemne 5
Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 6
Fjotland - framlegg til ny tyding 7
Helgeroa - et "hellig kors"? 8
Til namnet *Usta* 11
Namnegransking flytta til Blindern 12
Møte i Samarbeidsnemnda 13
Samrådingsmøte for namnekonsulenttenesta 13
Snart nye forskrifter til namnelova 15
Konsulentsekretærane fortel 15
Samisk kart over Finnmark 20
Namn på geologiske formasjonar 21
Adresser og stadnamn. Del 2 22
NORNA-rapporter 48: Sakrale navne 22
NORNA-symposium på Færøyane 23
Slektsnamn i Norden 25
Handbøker i namnsetjing 25
Kor mange namnetidsskrift? 27
Den 6. FN-konferansen om geografiske namn 27
Kurs i etymologisk metode 28
Nordisk møte om nye statsnamn 28
Trier-kongressen 29
Ny svensk namnedagskalender 30
Islandsk namnebok 31
Nordisk konferanse om stadnamnkultur 31
Namn på lokalhistoriemøte 32
Nasjonal namnekonferanse 1993 32
Studentarbeid om namn 32
Norsk namnebibliografi 1991 35

FORMANNEN HAR ORDET

Norsk namnelag "har til føremål å vekkje interessa for og styrkje kjennskapen til namn" står det i føremålspragrafen for laget. Aktiviteten til laget er fyrst og fremst knytt til meldingsbladet *Nytt om namn* og tidsskriftet *Namn og Nemne*, men sjølv om styret har inntrykk av at desse publikasjonane stort sett vert godt mottekne, er det mykje som kunne gjerast for å koma nærare målet.

No står det på ingen måte dårleg til med interessa for namn rundt om i landet. Me er omgjevne av namn på alle kantar, og folk er svært opptekne av namneval og skrivemåte, anten det gjeld namn på levande eller ikkje-levande objekt. I samband med den lokale høyringa som den nye stadnamnlova krev, har det vist seg å vera ei veldig interesse for skrivemåten av stadnamn, rett nok på ein måte som ofte får namnekonsulentane til å rista på hovudet.

Etter føremålsparagrafen til Namnelaget er det meir eit spørsmål om eit *kvalitativt* engasjement. Det ser ein når ein les neste avsnitt i lovene: "Dette arbeidet skal gjerast såleis at det kan vere til gagn for folk og land i det heile og vitskap og kultur særskilt." Laget har med andre ord eit kulturvernføremål som inneber at den heimlege, nedervde namneskatten bør ha førerett framfor t.d. dei forvanska skriftformene og særleg alt det nye utanlandske, spesielt engelske språkgodset som har fløymt innover oss dei siste tiåra. Mange har registrert at namn som *City Syd* og *By the Way* veks fram som paddehattar rundt om i by og land. I Dag og Tid har Lars Aarønæs i nokre år no lagt fram ei omfattande dømesamling på slike namn.

Norsk språkråd ser med lita glede på det som skjer. For å freista å bremsa på flaumen har rådet i seinare tid etla ut prisar for dei beste døma på heimeavla namn.

Det er ikkje vanskeleg å vera samd i at det er viktig for ein nasjon å ha sitt eige språkvern og namnevern. No kan ein namnegranskar innvenda at hans oppgåve er å registrera og å analysera, ikkje tykkja. Me lever i ei tid der internasjonaliseringa går føre seg på mange plan, også det språklege.

Ser ein eit hundreår eller to framover i tida, er perspektivet ope. Vil verda ha nådd eit stadium der kvar språkgruppe har gjeve sitt tilskot til eit mangkulturelt samfunn, eller slåst framleis tallause etniske grupper seg imellom på vikande front mot ein endå mektigare angloamerikansk språkkultur? Det som har hendt i dette hundreåret, gjer ikkje utsiktene særleg lyse.

Me bør ikkje ta motet frå oss sjølve eller frå dei neste generasjonane. Men skal me i det framtidige internasjonale samfunnet ta vare på den historiske dimensjonen i språket vårt, er namnetradisjonen ein viktig del av

grunnlaget. I denne situasjonen må ikkje Norsk namnelag gje avkall på det kvalitative engasjementet i det praktiske namnearbeidet.

BH

UTSETJING AV LANDSMØTET I NORSK NAMNELAG

Valbolken for styret og redaksjonane i Norsk namnelag går ut ved årsskiftet, og med rette skulle det ha vore kalla inn til landsmøte no mot slutten av året. Vanlegvis har landsmøtet falle saman med dei nasjonale namnekonferansane, men i år vert det ikkje nokon slik konferanse av di Avdeling for namnegransking har vore oppteken med to andre tilskipingar.

Styret i Namnelaget drøfte denne stoda på møtet 29. september 1992 og gjorde vedtak om å utsetja landsmøtet til den planlagde namnekonferansen hausten 1993. Styret og redaksjonane for Namn og Nemne og Nytt om namn vart bedne om å halda fram til årsmøtet kan haldast.

Sidan det etter lovene i Namnelaget skal vera landsmøte annakvart år, kan ikkje ei slik usetjing gjerast utan godkjenning frå eit fleirtal av medlemmene.

Medlemmene vert ikkje varsla på annan måte enn gjennom denne meldinga i medlemsbladet, og *dei medlemmene som likevel krev landsmøtet halde før det som er sagt ovanfor, må senda skriftleg melding til styret innan 15.12. 1992.*

NAMN OG NEMNE

Tidsskriftet *Namn og Nemne* er forseinka, og 1992-årgangen (årgang 9) kjem ikkje før eit stykke ut på nyåret. Stofftilgangen har vore noko svak det siste året, så skrivehuga granskarar vert bedne om dra påbyrja utkast og idear ut av skuffene (filane) sine og gjera dei ferdige for publisering. Økonomien er bra, og tingartalet (dvs. medlemstalet i Norsk namnelag) held seg ikkje så verst - det er ein viss avgang, men òg eit lite tilsig. Det ville vera leitt om skriftet skulle strande på grunn av stoffmangel, når tilhøva elles har beinka seg så fint.

FESTSKRIFT TIL EYVIND FJELD HALVORSEN

Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 4. mai 1992. Red. av Finn Hødnebø o.fl. Oslo 1992. 361 s.

Festskriftet markerer professor Eyvind Fjeld Halvorsens 70-årsdag og avgang som norrønlærar ved Universitetet i Oslo (sjå *Nytt om namn* nr. 15). Skriftet inneheld 31 artiklar av norske og utanlandske fagkollegaer. Dei fleste handlar om norrøne emne, heilt i tråd med Fjeld Halvorsens personlege interesser og yrkesliv. Sjølv tittelen *Eyvindarbók* med sin allusjon til *Flateyjarbók* og andre mellomalderverk gjev ein heil liten karakteristikk av både jubilanten og skriftet. Mange av dei norrøne artiklane inneheld sjølvsagt stoff av nytte for namnegranskinga. Dei skal likevel ikkje omtalast her. Eg vil i staden trekkje fram tre artiklar om namn som har fått sin rettkomne plass i boka - Fjeld Halvorsen er som kjent også ein leiande mann i vårt miljø.

Botolv Helleland skriv om "Stadnamnnormering i 150 år" (s. 95-107) og karakteriserer dette som ein balansegang mellom skrifttradisjon, etymologi, rettskriving og uttale. Målet var lenge (men mindre no) at *summen* av desse prinsippa skulle gje eit einskapleg namneverk over heile landet. Men denne einskapstanken måtte nødvendigvis favorisere det etymologiske prinsippet - regulert av rettskrivinga - framfor skrifttradisjon og målføre. Skrifttradisjonen har i tillegg hatt den ulempe å vera *dansk*. Likevel er det merkeleg kor seigliva dei gamle skriftformene er, særleg i gards- og bruksnamn og i namn på administrative einingar. Dette viser at normering *også* er politikk og vanegjengeri.

Ein kunne håpe at den nye stadnamnlova (1990) rydda opp i flokane og gav større autoritet til den faglege komponenten i normeringsarbeidet. Men slik har det ikkje gått - tvert imot: lova har gjevi allslags tilfeldige interessentar ein sterkare posisjon enn før. Som tilskodar kan ein òg koma i tvil om den språkpolitiske endringa frå berre nynorsk til både nynorsk og bokmål som normeringsgrunnlag vil bli til særleg vinning, sjølv om ein no i teorien har fått bukt med den oppfatninga at namnenormering eigentleg er fordekt målstrev. Bokmålet er jo så fornorska at harmen blir nesten like stor! Iallfall for den som har inngrodd vane til norm. Helleland skriv nøkternt om den lange vegen fram til situasjonen i dag, men kan ikkje løyne ei viss uro over det siste som har skjedd. Det er etter mitt syn viktig at namnemiljøet no markerer dei faglege interessene så tydeleg som råd.

Danskane Allan Karker og Povl Skårup tek for seg tre nordiske personnamn - *Helge*, *Torve* og *Geirlaug* - i Normandie (s. 189-196). I ei avhandling frå 1954 hevdar Adigard des Gautries at desse namna stikk seg ut som spesielt norske (av *Helge* rett nok berre visse former) i eit tilfang som elles

i alt vesentleg har fellesnordisk og dansk preg. Karker og Skårup går kritisk gjennom des Gautries' framstilling og kjem til at *Helge* og *Geirlaug* helst er fellesnordiske og *Torve* snarast dansk, om ein i det heile kan gje det noka særspråkleg forankring.

Gun Widmark reiser tvil om *Farmen* i Vang (Hedmark) og *Spangen* i Løten eigentleg er *vin*-namn (s. 347-353), slik Oluf Rygh meinte. Problemet er at namna manglar omlyd i førsteleddet. Kan ein i staden sjå dei som avspora *heim*-namn, fell dette lydlege problemet bort. Namnebelegg i større samanheng viser at *vin*-namn og *heim*-namn har hatt ei ustabil grensesone; det finst overgangar begge leier. Ei nytolking til **Farm(h)eim* og **Spang-(h)eim* har difor ikkje så tvingande argument mot seg som den gamle tolkinga.

Skriftet inneheld òg ei lang gratulasjonsliste, ein fagleg-biografisk omtale av jubilanten (ved Einar Lundeby) og ein bibliografi over hans trykte arbeid. Redaksjonen seier dei har teki med avisartiklar, men kronikkane "Ovid forbudt - Hannibal tillatt. Om departementets liste over forbudte navn" og "Navnelov og navnerett" i Dagbladet 26. og 28. mai 1973 har ikkje komi inn, ei heller artikkelen "Hvem bestemmer hvordan stedsnavn skal skrives?" i Språknytt 1, 1989 (s. 8-9). I tillegg til alle dei trykte arbeida har Fjeld Halvorsen laga ei mengd faglege utgreiingar som grunnlag for namnenormering, men desse kjem dessverre korkje fagmiljøet i vidare forstand eller allmenta til gode. Fjeld Halvorsen er ein inspirerande forskar, lærar og skribent. Heidersskriftet er vél fortent!

KK

FJOTLAND - FRAMLEGG TIL NY TYDING

I Norsk stadnamnleksikon (1990, s. 109) er namnet *Fjotland* i Kvinesdal tolka som av *fjos, fjøs* (artikkel ved Ole Bernt Syvertsen). Dette er vanskeleg å få til å rime historisk, då *landet* må ha fått namn lenge før det var aktuelt med fjøs, *flor*, som det heiter i dialekta her.

Mitt forslag til tyding er dialektordet *fjot*, som tyder 'rask, snøgg, spræk, god, flink'. I dialekta heiter det *fjote ski*, den og hin er *fjot*, spræk. I Norrøn ordbok (1975, s. 117) finn eg ordet *fljótr*, adjektiv, som tyder 'snøgg, snar'. Det må vera same ordet.

Mi tolking byggjer på den tanken at namnet viser til 'jordbruksmessig godt land, med snøgg/tidleg vårutvikling'. Eg meiner å ha høyrt ordet *fjotpotet* i tydinga 'tidleg potet', men har ikkje funne det skriftleg.

Namnet knyter seg til sjølve bruket Fjotland (gnr. 202, bnr. 7) og nabobruket som er utskilt frå dette bruket. Eg meiner at det er dette bruket som har gitt namn til resten av området, og seinare heile Fjotland kommune. Legg elles merke til at det i dialekta heiter *med* Fjotland, til dømes: "Var det mykje folk med Fjotland i dag?" Elles heiter det *på* eller *i* Fjotland.

Eit år reiste eg forbi Fjotland den 6. mai. På bruket Fjotland var graset så langt at det var fullt beite for sauene på jordet. På Åsemoen, ca. 1.5 km lenger sør, låg det same dagen ei iskake på 10-15 cm over heile eigedomen. Eg tenkte meg då tilbake i historia til det dei som kom søranfrå, ville kunne få opplevd ein vårdag. Då kunne dei ha kome over snø og is på Åsemoen, til eit verkeleg *f(l)jotland* på Fjotland, med 2-3 veker tidlegare vårutvikling, tilsvarande min tur 6. mai.

Ragnar Moltumyr
Kvinesdal

HELGEROA - ET "HELLIG KORS"?

Forskjellige tolkninger av navnet *Helgeroa* har vært gjenstand for til dels skarp debatt i de siste årene, både i det lokalhistoriske tidsskriftet Nesjar og framfor alt i dagsavisen Østlands-Posten. Avisen viser til gamle tolkninger som sier at navnet *Helgeroa* betyr 'hellig kors', og korset, det var det Olav Haraldsson selv som reiste der etter slaget på Nesjar palmesøndag 1016.

Østlands-Posten støtter seg til Dr. Arent Augestad (1918:6) som skriver at "Helgero er helga rode, "det hellige kors", samme navn som vi har i Holyrood i Edinburg". Han viser til "Styrme frodes saga" (op.cit.:28) som "den eneste som beretter dette". Ifølge Sigurður Nordal (Holtsmark 1956:12) hadde Styrme prest for seg en saga som svarte til "eldste saga". Denne *kan* være "Olafs saga hins helga", som ble utgitt av Keyser og Unger i 1849, hvor kapittel 28, som handler om hendelsene etter Nesjar-slaget, er "omstændeligere end i nogen av de øvrige Sagaer" (s. 105). Trolig kan kilden til Augestad finnes her:

> En Olafr konongr hafðe sigr oc geck siðan a land upp. oc Sigurðr fostre hans med hanum oc þakcaðu guði þann sigr er hann hafðe þæim fængit. oc ræistu þar kross mikinn i þæim stað (s. 21).

Noe stedsnavn er ikke nevnt i kapittelet. Utgiverne har heller ikke høye tanker om forfatterens historiske kunnskaper (op.cit.:Vff). De mener han har skrevet ned løse og fragmentariske sagn han har hørt muntlig. De mener særlig den delen som omhandler kongens levnetsløp, er preget av "Forfatterens Mangel paa Overblik" og "Ufuldkommenheder" (loc.cit.). Ifølge Keysers og Ungers syn på den sagaen de utgir, synes Augestads belegg for å tolke *Helgeroa* som 'hellig kors', å være temmelig løst begrunnet.

Men et steinkors ser allikevel ut til å ha stått i Helgeroa. Da en engelsk kunstner som het John W. Edy, besøkte stedet for å male "romantikkens uberørte natur", forteller han i Boydells "Picturesque Sceneries of Norway" i 1820 om restene av et gammelt kors foran døren på et stort vertshus på stranden der. I og for seg er ikke dette så bemerkelsesverdig. Selv regner Augestad (op.cit.:120) opp over tjue steinkors rundt omkring i Sør-Norge. Kanskje har det også stått et kors ved gården Kryssgården et par kilometer fra Helgeroa. Også dette skal, ifølge sagnet, være satt opp av Olav Haraldsson (Aaby 1985:63ff).

Topografisk argumenterer Arent Augestad med at hovedveien i bygda har gått til Helgeroa helt fra oldtiden av (1918:29ff), og at endelsen *-roa* derfor ikke kan ha noe med en avkrok eller et avsidesliggende sted å gjøre. Dette synes heller tvilsomt. Ingen av gårdene i området ligger langs denne veien, de ligger etter hverandre som perler på en snor, langs elven og den veien hvor den gamle veien til Berg kirke, en middelalderkirke fra 1100-tallet, gikk. Stedet Helgeroa ligger for seg selv utenfor det sentrale bosettingsområdet, og må ses som et utkantområde også i dag.

Språklig forsvarer Augestad sin tolkning med:

> Vi har et gammelnorsk ord roda, angelsaksisk rod, det betyr en stang, men også et kors. Den "d" som er i ordet, er stungen og falder bort i uttalen, helga roda blir helga roa, det hellige kors (1918:29f).

Augestad trekker så sin endelige konklusjon på bakgrunn av sagaen:

> Det er Olafs kors som gir stedet sitt navn, det svarer ganske til Holyrood, navnet på Hellig-kors-abbediet, siden slottet Holyrood i Edinburg (loc.cit.).

Augestad kjenner til, men avviser bestemt Norske Gaardnavne og Kjærs tolkning av navnet *Helgeroa*.

I bind VI av Norske Gaardnavne skriver Kjær at "Helgeroen ... *Helgaró, ... Mandsnavnet Helgi; sidste Led er ró (rá) f., Vraa, om afsides beliggende

Steder" (NG VI:320), men han stiller spørsmål ved førsteleddet fordi navnet "Helgeroa og Helgeroen findes ogsaa i Røken og i Hollen". Med reservasjon for alder bringer A. Kjær inn tanken på adjektivet *heilagr* og hedensk gudsdyrkelse (loc.cit.). Norsk stadnamnleksikon støtter A. Kjær fullt ut (s. 149). Magnus Olsen ser ikke ut til å ha regnet Helgeroa som noe sakralt navn, han nevner det hverken i Hedenske kultminder i norske stedsnavne (1915) eller i Ættegård og helligdom (1926). Gunnar C. Wasberg, derimot, skriver (1988:38) at "Navnet Helgeroa betyr "Den hellige bakken", der en kjørte eller red, før den farlige overfarten til Langesund". Han begrunner ikke sitt standpunkt.

Det er vanskelig å finne belegg for at navnet Helgeroa er særlig gammelt. Lorens Berg, som skrev Brunlanes. En bygdebok i 1911, tror heller ikke det (Augestad 1918:29). Norske Gaardnavne har ingen gamle skriftformer, navnet er ikke nevnt i Biskop Eysteins Jordebok, men på kart finnes navnet fra 1700-tallet av:

ca. 1700	Helleroen, Hellerøen
ca. 1800	Helgeraae
1801	Helgeraaen
1893	Helgeraaen (Aaby 1985:228)

Grunnordet *ro* er svært vanlig i Berg sogn, sognet som omfatter Helgeroa. Også i sognet Kjose i samme kommune forekommer ordet hyppig. Mange av disse navnene har personnavn som utmerkelsesledd, slik som *Karlsro*. Andre steder står grunnordet alene, ofte i bestemt form som *Roa*. Å tolke *ro* i *Helgeroa* som noe annet enn et litt avsidesliggende sted, synes urimelig. *Ro* i navnegivningen i området er brukt helt opp til moderne tid. I 1948 ble tomta *Fjellroa* skilt ut av et bruk i Stokksund utenfor Helgeroa.

Hyppigheten av ordet sammen med den bestemte formen støtter Lorens Berg i at navnet neppe er særlig gammelt. Berg skriver at *Helgeroa* først skal ha vært nevnt i 1626 (1979:612f), men dette har det ikke vært mulig å finne kilden til. En folketellingsliste fra 1664 regner opp tolv menn over 12 år på stedet. Havna er god, og ligger naturlig til som ferjeleie og sjøforbindelse til øyene utenfor og videre til Langesund, et sted som vokste i takt med trelastutskipning på slutten av 1500-tallet.

I kjølvannet av oppgangssaga som kom i bruk på 1500-tallet, ble det etablert sagbruk både på gårdene Dolvi og Halle i Berg sogn mot slutten av hundreåret. Helgeroa ble da et ladested for tømmer og skurlast. Det kan ikke være utenkelig at den første som bosatte seg her, eller kanskje satte sitt preg på denne roa, var en eller annen Helge som kanskje søkte sin lykke på et nytt sted i forbindelse med veksttid og nyetablering i området

en eller annen gang på slutten av 1500-tallet eller begynnelsen av 1600-tallet (Aaby 1990:80). Å tolke navnet *Helgeroa* som 'hellig kors' er vanskelig å forsvare på et seriøst grunnlag.

Bibliografi:

Aschehougs leksikon. Bind XII. Oslo 1958.
Augestad, Arent, 1918: Vestfold. Arkæologi og historie. Kristiania.
Berg, Lorens, 1979: Brunlanes. En bygdebok. Ny utgave. Larvik. (Første gang utgitt i 1911.)
Edy, John W., 1820/1970: Helgeroa. I: Brunlanes. En bygdebok. Red. av Gunnar C. Wasberg. Bind I. Bygdehistorie. Larvik 1970.
Holtsmark, Anne, 1956: Innledning i Legendariske olavssaga. Oslo.
Keyser, R. og C. R. Unger, 1849: Olafs Saga hins helga. En kort saga om Olaf den hellige fra anden halvdel af det tolfte aarhundrede. Christiania.
Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug, 1980: Norsk stadnamnleksikon. 2. utg. Oslo.
Wasberg, Gunnar C., 1988: Krusifiks fra Helgeroa. I: Nesjar. Årsskrift for Brunlanes historielag. Larvik.
Aaby, Gudveig Henryette, 1985: Navn på Neset. Hovedoppgave i norsk språk. Universitetet i Oslo. (Utrykt.)
- 1990: Helgeroa - et navn på Neset. I Nesjar. Årsskrift for Brunlanes historielag. Larvik.

Gudveig Henryette Aaby
Helgeroa

TIL NAMNET *USTA*

I Maal og Minne 1970, s 170-71, skreiv eg om namnet *Usta* i Hol i Hallingdal. Eg gjekk ut frå at namnet opphavleg kunne vera nytta om det meste av vassdraget - frå Øynane i aust (der det renn saman med elvi frå Hol) og til vestom Finse. Den gong meinte eg at namnet hadde samanheng med *ysja* v. Sidan har eg halde på denne tolkingi, med den føresetnaden at her opphavleg var kort **u**.

Men eg er vis med at sterke grunnar talar for opphavleg lang **u** her; det syner andre namn med stomnen *ust* - noko Oddvar Nes har peikt på i

samtalar me har hatt, om dette namnet. I so fall må mitt framlegg vrakast. Magnus Olsen gjekk ut frå at rotvokalen var lang, men eg trur ikkje på hans tolking av reint saklege og semantiske grunnar.

At namnet kan ha opphav i ei rot med lang u og med eit innhald som kan høva i eit elvenamn, skal eg syna nedanfor.

I norr mål har ein *úa* el *ýja* v, berre døme på pret *úði* 'yra, kry' og *úði* m 'eld'; vidare isl *úa* el *ýja* v ds og *úði* m 'yr, fint regn', nno *y* v (< **ya*) 'vrimla' og sv målf *y* s 'fiskeyngel'.

Denne roti, germ **aw-*, **u(w)-*, ser ut til å tyda 'yrja, kry', 'vrimla', 'brenna, ryka' el 'regna smått'. Til denne roti kan ein lett knyta ei *st*-avleiing, og slik avleiing er ofte nytta i elvenamn. Elvenamn-stomnen *úst*, som me finn i *Usta*, tyder truleg 'som vrimlar' el 'som det ryk og gòvar av'. Eit namn med slikt innhald høver godt på dette vassdraget. Det ligg heller ikkje so langt undan det innhaldet eg la i namnet i 1970: "den rjukande, hastande, larmande". Eg slutta soleis: "Før elvi vart regulert, høyrde ein jamt elvesusen, serleg nørdst i Ustedalen og i Såbardlii. Frå Usta og ned i Ustedalsfjorden og vidare ned-gjennom dalføret renn elvi i stryk og fossar. Frå Juvefossen og Tuftefossen stod jamt vassgovet høgt til vers" (sm st 171). Om eit namn med tilsvarande innhald høver på andre *ust*-namn, vågar ikkje eg å meina noko om, for eg er ukjend på dei stadene.

Magne Myhren
Oslo

NAMNEGRANSKING FLYTTA TIL BLINDERN

Sist i mai flytta Avdeling for namnegransking frå Chateau Neuf til Blindern. Vi tok inn i 1. etasje i P. A. Munchs hus og har der fått det rommeleg og fint, ikkje minst når det gjeld den nye arkivsalen. Flyttinga gjekk over all forventning, men det har likevel vori eit langt ryddearbeid etterpå, og framleis er det nokre småting som ikkje har komi på plass. Det meste blir skipa som før, slik at det skulle vera greitt for gjester å finne det dei er ute etter. Men ei viktig endring er at tidsskrifta no er utskilde og står på eit eige rom på storinstituttet i Henrik Wergelands hus. Nokre av dei tilsette har fått nye telefonnummer, men ekspedisjonen har same nummer som før, 02/854375. Postadressa er uendra for alle: **Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo.**

Avdeling for leksikografi flytta samtidig med oss og fyller no resten av etasjen vi er i. Det er både triveleg og praktisk at naboskapen med dei held fram.

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA

Samarbeidsnemnda for namnegransking hadde møte på Blindern 29.9. 1992. Dette var fyrste møtet med den nye nemnda, oppnemnd av medlemsinstitusjonane for 1992-94. Medlemmene er (varafolk i parentes): Universitetet i Oslo: Eyvind Fjeld Halvorsen, Botolv Helleland (Kjell Venås, Tom Schmidt), Universitetet i Bergen: Oddvar Nes, Ole-Jørgen Johannessen (Jarle Bondevik, Ivar Utne), Universitetet i Trondheim: Jørn Sandnes, Ola Stemshaug (Steinar Imsen, Arnold Dalen), Universitetet i Tromsø: Gulbrand Alhaug, Eira Söderholm (Tove Bull, Anna Riitta Lindgren), særskild medlem for samisk: Nils Jernsletten (Nils Øivind Helander), Nordisk samisk institutt: Kjell Kemi (observatør), Møre og Romsdal distriktshøgskule: Terje Aarset (Peter Hallaråker). Høgskolesenteret i Rogaland har inntil vidare ikkje oppnemnd representantar. Fjeld Halvorsen vart attvald som formann. Også Arbeidsutvalet vart attvald (formannen saman med Helleland og Schmidt).

Den viktigaste saka på møtet var merknader til det nye utkastet til forskrifter til stadnamnlova. Nemnda bygde sin konklusjon på ei tidlegare fråsegn, men såg det som viktig å få fylgjande setning med innleiingsvis i dei nye forskriftene: "Ved fastsetjing av skrivemåten skal ein velje den forma som høver best med den nedervde lokale uttalen, og som ligg innanfor rettskrivinga."

Vidare drøfte møtet det landsomfattande dokumentasjonsprosjektet som Universitetet i Oslo har sett i gang. Det tek sikte på å dataføra ordsamlingar, namnesamlingar og tingsamlingar ved dei ulike samlingsinstitusjonane ved hjelp av arbeidsledige og fagopplærde assistentar. For dataregistrering av stadnamn streka møtet under at det viktig å fylgja opp den metoden som Samarbeidsnemnda har gått inn for tidlegare.

SAMRÅDINGSMØTE FOR NAMNEKONSULENTTENESTA
på Hønefoss

Namnekonsulenttenesta hadde det andre samrådingsmøtet sitt på Hønefoss onsdag 30.9. til fredag 1.10.92. Møtet var todelt: Opningsdagen var sett av til eit fellesmøte med Namnerådet i Kartverket, medan torsdags- og fredagsmøtet fyrst og fremst gjekk med til å drøfta erfaringar konsulenttenestene har gjort etter at lov om stadnamn har verka vel eit år. Kartverket var òg representert på denne delen av møtet. Elles var sjølvsagt Kulturdepartementet sentralt til stades, og det same var medlemmer av Klagenemnda for stadnamnsaker.

På fellesmøtet onsdag mellom Namnerådet og Namnekonsulenttenesta var det fyrst ei orientering om arbeidet i dei to organa. Deretter var det fagleg diskusjon, og hovudtemaet var: Kva slags ambisjonsnivå skal ein leggja seg på når det gjeld talet på namnesaker når kart skal reviderast? Om dette rår det ulikt syn. Namnekonsulentane ser helst at ein gjennomgår alle namna på karta, medan Kartverket meiner dette er for ambisiøst, og at ein må prioritera dei sakene Kartverket sjølv har reist. Dette er som oftast saker som Kartverket har forplikta seg til å behandla og som derfor må koma med.

Eit anna diskusjonstema var korrekturlesing av kartblad. Det var sekretæren for samiske og finske namn, Kaisa Rautio Helander, som tok opp dette. Ho peikte på kor vanskeleg det er å få desse namna skrivne rett når dei tilsette i Kartverket ikkje kan samisk eller finsk. Kartverket vil ikkje gå med på dette no, men når Sentralt stadnamnregister (SSR) er etablert som primærbase for namn i kartproduksjonen og konsulenttenestene har leseaksess (-tilgang) til registeret, kan dei lesa "korrektur" på eigen skjerm.

I samband med fellesmøtet var det omvising i Produksjonsavdelinga, Landkartdivisjonen, og deltakarane fekk sjå ein presentasjonsvideo av Kartverket.

Dei to siste dagane gjekk som nemnt med til å drøfta arbeidet i konsulenttenesta. Aktiviteten har vore stor, og stort sett har det heile fungert toleleg bra. Korte fristar og kommunar som har vore seine med fråsegner, har likevel til tider skapt vanskelege arbeidsforhold.

Eit viktig tema på møtet var praktiseringa av lova og forskriftene og forholdet mellom tilråding og vedtak. Regelverket er generelt og gjev rom for skjøn, og dette opnar sjølvsagt for ulik praktisering. Døme her var ulikt syn på dialektvariantar av *litl(e)*: *likkj(e)*, *lisj(e)*, *lisl(e)*, *liss(e)*.

Det generelle regelverket syner seg òg i forholdet mellom tilråding og vedtak. Saksgangen ved namnesaker er slik at namnekonsulentane kjem med ei endeleg tilråding til vedtaksorganet etter at ei førebels tilråding har vore ute til lokal høyring. Sjølv om vedtaksorgana følgjer tilrådingane frå namnekonsulentane i dei fleste tilfella, har ein i det siste sett døme på det motsette. I nokre av sakene har vedtaka vore noko tvilsame sett frå namnefagleg hald, og dersom denne tendensen blir forsterka, vil det vera ei uheldig utvikling.

Det er fyrst og fremst *bruksnamn* dette gjeld, og det vart sagt at ein måtte gjera noko for å unngå at "ressurssterke" personar overprøver og får gjennomslag for tilfeldige skriftformer.

Av andre emne som vart diskuterte, kan nemnast framlegget til nye forskrifter som har vore ute til høyring, utkast til eit rundskriv som skal gå til alle kommunane og forholdet til andre vedtaksorgan enn Kartverket.

Namnekonsulenttenesta for Nord-Noreg tok opp spørsmålet om det norske namnet heile tida må vera med i to- og trespråklege område, og Kartverket gav ei innføring i SSR og tilknytinga til dette.

Terje Larsen
Oslo

SNART NYE FORSKRIFTER TIL STADNAMNLOVA

Det endelege framlegget frå Kulturdepartementet til nye forskrifter til stadnamnlova vart sendt ut til høyring i sommar. Høyringsfristen er no utgått, og dei innkomne merknadene skal gjennomgåast og vurderast av departementet før nye forskrifter kan vedtakast. Det er umogleg å seie når dette arbeidet vil vera ferdig.

Terje Larsen

KONSULENTSEKRETÆRANE FORTEL

Dei fem sekretærane ved dei nye namnekonsulenttenestene har vore i arbeid godt og vel eitt år, og det er på tide at lesarane av Nytt om namn vert kjende med dei. Dei fire norskspråklege konsulentane har alle embetseksamen med norsk hovudfag, medan sekretæren for samiske/finske stadnamn har finsk hovudfag. Konsulentsekretærane heiter frå nord til sør: Kaisa Rautio Helander (Namnekonsulenttenesta for samiske og finske stadnamn), Aud-Kirsti Pedersen (Namnekonsulenttenesta for Nord-Noreg), Tor Erik Jenstad (Namnekonsulenttenesta for Midt-Noreg), Kjell Erik Steinbru (Namnekonsulenttenesta for Vestlandet), Terje Larsen (Namnekonsulenttenesta for Austlandet med Agderfylka og for klagenemnda).

Redaksjonen har stilt dei desse seks spørsmåla:

1) Kva tykkjer du om stillinga som konsulentsekretær?
2) Har de mange saker?
3) Korleis er samarbeidet med konsulentane?
4) Er det nokon vanskar med å praktisera regelverket?
5) Korleis er samarbeidet med Statens kartverk og andre oppdragsgjevarar?
6) Korleis ser de på arbeidsmengda frametter?

Kaisa Rautio Helander, Guovdageaidnu:

1. Stillingen som konsulentsekretær er en interessant og utfordrende jobb. Mye tid går med til å skaffe all slags informasjon spesielt om samiske stedsnavn pga. at det fins vidstrakte samiskspråklige områder hvor det ennå ikke er innsamlet stedsnavnmateriale. Det finske stedsnavnmaterialet er bedre dekket, men det fins også enkelte finskspråklige områder hvor vi ikke har samlet navnemateriale i det hele tatt.

Når det gjelder arkivmateriale, begynner samisk og finsk konsulenttjeneste i Kautokeino fra null. Jeg har nemlig ennå ikke noe arkiv som inneholder samisk og/eller finsk stedsnavnmateriale, og derfor holder jeg på å bygge opp et slikt arkiv. Dette arbeidet ser jeg også som en viktig oppgave fordi det betyr at spesielt det samiske stedsnavnmaterialet blir gjort tilgjengelig.

2. I løpet av det første året (1991-92) har vi hatt 19 saker. Mesteparten av sakene gjelder nordsamiske stedsnavn; to saker som gjelder lulesamiske navn og to som gjelder felles navnesaker på nordsamisk og finsk. Noen av sakene er omfattende, f.eks. arbeidet for et atlas-prosjekt og et oppdrag for en samisk lærebok som har liste over samiske stedsnavn i hele Sameland. Vi får også ofte henvendelser som gjelder f.eks. staving av forskjellige samiske ord (spesielt topografiske appellativer) og spørsmål om betydningen av samiske navn og/eller appellativer.

3. I forbindelse med navnesaker har jeg jobbet mest som konsulent for nordsamiske stedsnavn sammen med Kjell Kemi, og samarbeidet har fungert bra. I den daglige arbeidssituasjonen er det litt problematisk med vår konsulenttjeneste siden vi ikke jobber på samme institusjon og ikke en gang på samme sted. Dette gjør det praktiske og faglige arbeidet av og til litt tungvint.

4. Det største problemet er vel at det ikke bestandig fins tilstrekkelig kompetanse i forskjellige høringsinstanser til å bedømme eller ta stilling til f.eks. skrivemåten av de samiske og/eller de finske stedsnavnene.

5. Samarbeidet med oppdragsgiverne går stort sett fint. Det største problemet er vanligvis at det blir satt for korte tidsfrister.

6. Når det gjelder både samiske og finske stedsnavn, er det høyst sannsynlig at arbeidsmengden kommer til å øke enormt pga. at navnebruken hittil har vært ganske varierende. Loven gir nå større muligheter til også å gi stedsnavnene på disse språkene en korrekt skrivemåte i offisiell bruk. Spesielt lule- og sørsamiske samt finske stedsnavn har ikke vært tilstrekkelig brukt i offentlig sammenheng.

Aud-Kirsti Pedersen, Tromsø:



1. Eg liker godt arbeidsoppgåvene. Dei er varierte. Arbeidsmengda er så stor at sakene hopar seg opp. Det er utilfredsstillande.

2. Til no i år (20.10.) har eg protokollført 22 saker. Dette talet seier eigentleg ikkje noko om arbeidsmengda. Nokre saker er små, t.d., eit brev med ei utgreiing om eit namn. Andre saker er svært omfattande. Den største saka hittil i år, sak 13, omfattar ca. 100 økonomiske kart som skal kontrollerast.

3. Sekretæren utarbeider sakene, og konsulentane ser over arbeidet og kommenterer. Det er godt at fleire kan tenke gjennom problem. Eg er glad for å ha konsulentane å samrå meg med. Vi er samde om dei aller fleste avgjerdene.

4. Det går tregt med mange saker som vi har sendt ut på høring. Generelt trur eg at kommunane har dårleg kjennskap til stadnamnlova.

5. Samarbeidet med Kartverket er greitt på den måten at det kjenner til og brukar oss. Statens vegvesen er eit *stort* problem. Til no verkar det som om Vegvesenet ikkje kjenner til - eller gjev blaffen i lov om stadnamn. I mitt distrikt har eg berre fått to saker frå Vegdirektoratet om plassering av vegskilt, men ingenting frå Vegvesenet lokalt.

6. I perioden 1993-1997 vil eg få nesten 17 N50-kart (dvs. 16,8) pr. år i gjennomsnitt. I tillegg er det mange andre arbeidsoppgåver. Det er arbeid nok til ei full stilling. Eg er svært dårleg tilfreds med at arbeidet hopar seg opp, men det vil det nok.

Tor Erik Jenstad, Trondheim:

1. Arbeidet er interessant, og ein kjem i kontakt med mykje folk. Men det blir oftast litt for hektisk, og arbeidsmengda er meir enn stor nok til å fylle ei full stilling.

2. Litt for mange. Særleg N50-revisjonen har teke mykje tid, men det blir visst litt rolegare i vårt område i 1993. Vi treng betre kontakt nordover.

3. Tett og godt og knirkefritt!

4. Som oftast greitt. Men det er sjølsagt tilfelle der ein er i tvil, og der ein må bruka skjønn. Ein del uklåre ting i saksgangen må gå seg til etter kvart.

5. Greitt forhold til Kartverket, bortsett frå at fristane har vore for korte. Vegvesenet varierer noko, i Møre og Romsdal er det bra, i Sør-Trøndelag ikkje fullt så positivt, i Nord-Trøndelag og Nordland ingen kontakt så langt. Kommunane: Svært varierande kvalitet på sakshandsaminga; tydeleg avhengig av enkeltpersonar.

6. Som nemnt ser det ut til å bli noko rolegare i vårt område med N50-karta. Men når ØK og ikkje minst sjøkart kjem inn for fullt, blir det alltids nok å gjera. Sameleis når stadig fleire kommunar oppdagar at namnesakene deira skal innom oss. Namnekonsulentane bør dessutan få betre tid og høve til å ta opp eigne saker.

Kjell Erik Steinbru, Bergen:

1. Det første arbeidsåret i Namnekonsulenttenesta for Vestlandet har vore både triveleg og givande. Konsulenttenesta disponerer no eit rommeleg, nyoppussa kontor, og dei ytre vilkåra for tenesta er gode på mange måtar.

2. Me har heile vegen hatt meir enn nok å gjera, og det ser ut for at saksmengda berre aukar. Dette uroar oss ein del.

3. Konsulentane og eg har stort sett samanfallande syn på det meste som dukkar opp av spørsmål og problemstillingar i samband med dei ulike namnesakene. Me har elles greitt å komma saman til møte med jamne mellomrom for å ta for oss aktuelle saker.

4. Så langt har me ikkje hatt særlege vanskar med å følgja reglane og forskriftene som gjeld. Undervegs har det meldt seg enkelte spørsmål som har med saksgang å gjera. Men her har Kulturdepartementet vore rimeleg raskt ute med dei presiseringane og nyanseringane det har vore trong for.

5. Me har til no hatt eit godt samarbeid med Statens kartverk, og me har ingen grunn til å tru at dette vil endra seg i framtida. Forholdet til andre oppdragsgivarar har nok hatt ein meir vekslande kvalitet. Me kunne visst vore betre på talefot med dei to sørlegaste vegkontora i området vårt.

6. Vel halvparten av N50-karta som Statens kartverk skal revidera i 1994, høyrer til i vårt område. Dei første to åra må me difor etter planen arbeida oss igjennom namnemassen på meir enn 30 slike kart. Dette åleine vil gi ein sterk auke i arbeidsmengda. Me vil nok i tillegg oppleva ein auka pågang av saker frå vegkontora og kommunane. Difor treng me på ingen måte vera redde for å måtta sitja med hendene i fanget.

Terje Larsen, Oslo:



1. Eg trivst godt, særleg etter at vi flytta inn i nye lokale på Blindern.

2. Det fyrste året har vi hatt vel 20 N50-kart til behandling. Dessutan har vi hatt eitt sjøkart der alle namna skulle gjennomgåast, og eit par større kommunale prosjekt. I tillegg kjem ei rad einskildsaker frå ymse offentlege organ.

3. Samarbeidet er godt, og vi har stort sett samanfallande syn i dei ulike sakene.

4. Eigentleg ikkje, men det er klart at med eit generelt regelverk vil det alltid bli rom for skjøn.

5. Eg har gode erfaringar både med Kartverket og andre oppdragsgjevarar, sjølv om vi ikkje alltid er einige.

6. Med ei viss uro. Så vidt eg veit, vil Namnekonsulenttenesta for Austlandet neste år få mange oppdrag frå Kartverket i samband med N50-revisjonen. I tillegg er eg sekretær for Klagenemnda, og dersom talet på klagesaker blir så høgt som det teiknar til no, vil det òg ta mykje av arbeidstida mi.

SAMISK KART OVER FINNMARK

Jeg er blitt bedt om å skrive litt om mitt arbeid med kart over Finnmark fylke med samiske stedsnavn.

Mitt første samiske kart, som jeg gjerne kaller dem, kom i 1974 over Midt-Troms og ble trykt i svart/hvitt i 100 eks. Mest kjent er vel det store kartet SÁBMI (SÁPMI i dagens rettskrivning) over hele det samiske området fra Femunden til Ponoi på Guoládat (Kolahalvøya), som jeg arbeidet med i året 1974-75, og som ble trykt i farger hos Grøndahl & Søns trykkeri i Oslo. Med unntak fra dette er alle de øvrige 12 kartene trykt nordpå. Utvelgelsen av navn og skrivemåte er ofte et problem på samisk fordi tradisjonsbærere som forsvinner, ikke erstattes av andre. Mye verdifullt materiale er derfor borte for alltid. Selv om Qvigstad samlet inn mye, er det visse

uklarheter mht. f.eks. lang (á) og kort a. Oppfinneren av det geniale stadiemerket var ikke påpasselig nok her. Som kjent utgjør den lille aksenten over a-en en betydningsforskjell, slik at a og á er to forskjellige bokstaver på samisk.

Kartet over Finnmark fylke er i samme stil som de øvrige av mine kart, og illustrasjonene tar utgangspunkt i områdets politiske historie. Når det gjelder navnene, har jeg lagt vekt på å få med flere navn langs kysten og i fjordene enn i innlandet for å avspeile bosettingstettheten, men også for å markere den kystsamiske befolkning. I områder der det er og/eller har vært brukt sjøsamisk, er dialektvarianter tatt med, f.eks. *vuonna* (vuotna), *luovta* (luokta) osv. Ikke alle sjøsamedialektene har de samme variantene. Jeg har holdt meg stort sett til Qvigstad.

Konsulent for navnene har vært Tor Magne Berg, og jeg har også mottatt råd fra professor Nils Jernsletten, Kaisa Rautio Helander ved Samisk høyskole/Sámi Allaskuvla og Kjell Kemi ved Sámi Instituhtta/Nordisk samisk institutt.

Hans Ragnar Mathisen
Romssavárdu

NAMN PÅ GEOLOGISKE FORMASJONAR

Vanlegvis er stadnamna knytte til lokalitetar på jordoverflata, eventuelt på havbotnen. Mindre kjent er det kanskje at det føregår ei omfattande namngjeving av berggrunnen under oss. Når ein les om korleis det landskapet vi har i dag, har vorte forma, støyter ein ofte på namn som *Rendalsformasjonen, Hardanger-Ryfylkedekkekomplekset.*

Det er *Norsk stratigrafisk komité,* ei nemnd under Norsk geologiråd, som har det faglege ansvaret for denne namngjevinga. Namngjevinga skjer etter nærare fastsette retningsliner. Før det vert gjort vedtak, vert framlegga til namn vurderte av Norsk språkråd eller statens namnekonsulentar.

I *Norsk geologisk tidsskrift. A Norwegian Journal of Geology,* vol. 66, Supplement 1, 1986, har Norsk stratigrafisk komité (The Norwegian Committee on Stratigraphy) gjeve ei oversikt over "Regler og råd for navnsetting av geologiske enheter i Norge" ("Codes and Recommendations for the naming of geological units in Norway"). Reglane byggjer på prinsippa i *the International Stratigraphic Guide* (ISSC 1976), published by the *International Subcommission on Stratigraphic Classification.* Etter desse prinsippa er det tilrådd at "The name of a lithostratigraphic unit should be formed from the name of an appropriate local geographic feature, combined with the appro-

priate term for its rank (group, formation, member, bed), or with the name of the dominant rock type of which the unit is composed, or with both".

Det norske regelverket har òg bygd på the *North American Stratigraphic Code*, fastsett av *North American Commission on Stratigraphic Nomenclature* (NACSN 1983).

BH

ADRESSER OG STADNAMN. DEL 2

På nyåret 1993 vil handboka *Adresser og stadnamn. Del 2. Stadnamn i offentleg og privat bruk* koma ut. Boka er laga som ein kommentar til den nye stadnamnlova og gjev oversyn over namnsetjing av vegar, anlegg, bygningar, reglar for skrivemåte og bruk av namn på kart og i andre samanhengar og råd om korleis ein skal driva god namnerøkt i offentleg og privat regi. Boka er skriven av fyrsteamanuensis Botolv Helleland og skal gjevast ut av Kommuneforlaget.

NORNA-RAPPORTER 48: SAKRALE NAVNE

NORNAs 16. symposium "Sakrale navne" vart arrangert i Gilleleje på Sjælland 30.11.-2.12.1990, og rapporten med foredrag og diskusjonsreferat låg føre på nyåret i år. Rapporten er etter mi meining ein av dei mest interessante og provoserande som NORNA har gjevi ut. Emnet er sentralt, aktuelt og viktig både onomastisk og tverrfagleg, og i Gilleleje lokka det Nordens fremste ekspertar på banen. Eg tenkte opphavleg å omtala foredraga her i *Nytt om namn*, men kom til at det ville vera urettferdig mot aktørane å handsama dette vektige stoffet så summarisk som dét måtte bli, særleg når eg ikkje er samd i alt heller (kritikk krev som kjent meir plass enn ros). Eg nemner difor berre titlane og oppmodar alle som er opptekne av sakrale namn, om å gjera seg kjende med rapporten ved sjølvsyn. Foredraga er:

Jørn Sandnes: Norske stedsnavn og hedensk kultus. En vurdering av Magnus Olsens teorier i lys av nyere forskningsdebatt, *Staffan Fridell*: Finns det teofora *-ryd*-namn?, *Þórhallur Vilmundarson*: Kultnavn eller ej? [om namn på *Njarð-*, *Nær-*], *Preben Meulengracht Sørensen*: Freyr i islændingesagaerne, *Thorsten Andersson*: Kultplatsbeteckningar i nordiska ortnamn, *Stefan Brink*: Har vi haft ett kultiskt **al* i Norden?, *Per Vikstrand*: Ortnamnet *Hov* - sakralt, terrängbetecknande eller bägge delarna?, *Charlotte Fabech*: Sakrale pladser i sydskandinavisk jernalder. En evaluering, *Henrik Obertin Bertelsen*: Dependensstruktur i danske sakrale stednavne, *Eva Villarsen*

Meldgaard: Sakrale personnavne, *Eva Nyman*: Det bohuslänska sockennamnet *Harestad*, *John Kousgård Sørensen*: Stednavne og folketro, *Bente Holmberg*: Asbjørn, Astrid og Åsum. Om det hedenske as som navneledd.

Fire innlegg vart skrivne som etterhandskommentar, nemleg: *Lennart Elmevik*: Sakrala namn. Några synpunkter, *Botolv Helleland*: Sakrale namn. Nokre forskingsoppgåver frå norsk synsstad, *Gillian Fellows-Jensen*: Cultic place-names. A view from the Danelaw, *John Kousgård Sørensen*: Cultic names. Past, present and future.

For norske tilhøve er sjølvsagt artiklane av Sandnes og Helleland viktigast, men også mange av dei andre grip direkte inn i problemstillingar som er høgaktuelle i vår samanheng. Må eg her subjektivt berre få lov å setje Andersson, Vikstrand, Kousgård Sørensen og Holmberg langt fram i så måte. Rapporten blir avslutta med ein svært verdifull bibliografi over arbeid om nordiske sakrale namn i tidsrommet 1941-91.

Rapporten er redigert av Bente Holmberg og Gillian Fellows-Jensen og kan tingast frå NORNA-förlaget, S:t Johannesgatan 11, S-753 12 Uppsala.

KK

NORNA-SYMPOSIUM PÅ FÆRØYANE

Det 20. NORNA-symposiet vart arrangert på Færøyane 22.-23. mai i år. Emnet for symposiet var *Utgáva og atgongd* (utgjeving og tilgjenge). Det var ein særskild grunn til at akkurat dette emnet var valt. I mai 1990 fylte Fróðskaparsetur Føroya (universitetet på Færøyane) 25 år, og i det høvet fekk Færøyane tilbake dei færøyske stadnamnsamlingane ved Universitetet i København. Fróðskaparsetur ynskjer etter kvart å publisere dette materialet. Samstundes ynskjer dei at namnesamlingane skal vera best muleg tilgjengelege både for forskarar og andre som er interesserte.

I Tórshavn var det desse maidagane samla 19 deltakarar frå alle dei nordiske landa. I løpet av dei to symposiedagane vart det halde 10 foredrag. Dei fleste foredraga tok opp problem knytte til utgjeving av større og dels nasjonale namnesamlingar.

Frå Noreg var det to foredrag. Anne Svanevik fortalde om det sentrale stadnamnregisteret ved Statens kartverk (SSK). Dette er eit register som til no inneheld ca 340 000 norske stadnamn. Tom Schmidt fortalde om Dokumentasjonsprosjektet ved Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Oslo, og i tilknyting til dette om praktiske sider ved edb-registrering av store namnesamlingar.

NORNA-symposiet synte at det er svært nyttig for dei nordiske fagmiljøa å drøfte sams oppgåver. Bruk av edb vil etter kvart gjere namnesamlingane meir tilgjengelege, også over landegrensene. Ser ein framover er det også tydeleg at edb vil lette arbeidet med publisering av vitskaplege og meir populærvitskaplege stadnamn-monografiar.

Ein NORNA-rapport med dei 10 foredraga er under utgjeving. Det vart lagt merke til både av radio og presse at nordiske namnegranskarar var samla i Torshavn. Eit døme på det er teikninga i dagsavisa Sosialurin som syner kjente færøyske namnegranskarar på leit etter stadnamn *Undir Gráasteini*.

Margit Harsson
Oslo

Undir Gráasteini

Norðurlendskir serfrøðingar í staðarnøvnum halda í hesum døgum ráðstevnu í Føroyum.

SLEKTSNAMN I NORDEN

NORNAs 21. symposium "Slektsnamn i Norden" vart arrangert på Kringsjå i Oslo frå torsdag 17. til søndag 20. september. Symposiet hadde 30 deltakarar, og det vart haldi 15 foredrag om følgjande emne:

Vibeke Dalberg: Fra tilnavn til slægtsnavn, *Tanneke Schoonheim*: Etternavn i norske og nederlandske diplomer fra det 13. århundre, *Kristin Bakken*: Patronymer i 1300-talls diplomer, *Gudrun Utterstrøm*: Släktnamn i Sverige för hög och för låg. En historisk betraktelse, *Eva Brylla*: Utvecklingen av svenskt släktnamnsskick under 1900-talet, *Svante Strandberg*: Förhållandet mellan släktnamn och bebyggelsenamn i äldre tiders Västergötland, *Sirkka Paikkala*: Från olika namnsystem till enhetligt släktsnamnsbruk i Finland, *Pål Furuberg*: Finske personnavn fra norsk Finnskog 1821-1872, *Anfinnur Johansen*: Slægtsnavne på Færøerne, *Inger Larsson*: Från Olof Olsson Tuppe til Dåpp Inger. Om framväxten av ett namnskick i Nås sn, Dalarna, *Gudlaug Nedrelid*: Om slektsnamn av gardsnamn i 1801, *Astrid Weel Sannrud*: Trekk ved utviklingen av etternavn i Fredrikstad i det 19. århundre, *Rob Rentenaar*: "Lærde" slægtsnavne i Nordvesteuropa. Nogle typologiske forskelle, *Lilliane Højgaard Holm*: Fredericia-kolonien - og dens slægtsnavne, *Anne Svanevik*: Dansk-tyskpregete slektsnavn av norske gårdsnavn. Et problem i stedsnavnnormeringen.

Som ein ser, varierte innlegg som alle skapte frisk diskusjon. Fredag ettermiddag var det omvising i Riksarkivet. Laurdag kveld spanderte Clara Lachmanns Fond middag. Naturen la òg godsida til med sol og fin septembervarme. Foredraga med samandrag av diskusjonane blir utgjevne i serien NORNA-rapporter til neste år. På vegner av Avdeling for namnegransking takkar eg dei tilreisande for eit lærerikt og inspirerande nærvær.

KK

HANDBØKER I NAMNSETJING

Etter kvart har det kome ein del nordisk litteratur om namnsetjing av vegar og gater og om namnerøkt i det heile. Slike meir praktiske fagbøker tener eit viktig føremål i samfunnet; det er bruken av namn som fyrst og fremst er med på å vidareføra kjennskapen til namn i korrekt form.

Ei særleg nyttig bok på dette feltet er *Ortnamn. Namngivning och namnskick i kommunerna* (utgjeve av Svenska kommunförbundet, Stockholm 1989). Dette hundre sider store skriftet "är den första som på ett samlat sätt tar upp ortnamnsgivningen ur både praktiska och teoretiska synvinklar

med beskrivning av arbetet i kommunerna och principerna för namnsättningen, med förslag och goda råd", som det heiter på omslaget. Fyrste halvdelen av boka tek for seg ulike juridiske og praktiske sider ved namnsetjinga, medan den andre halvdelen inneheld korte populærvitskaplege artiklar av fagfolk. Såleis har Allan Rostvik skrive om "Ortnamnsarkiven" og om "Principer för namngivning", Thorsten Andersson om "Ortnamnen och nutidsmänniskan", Staffan Nyström om "Ortnamnen och kulturlandskapet". Til slutt har Ann-Christin Mattisson stilt opp ei liste over litteratur om namnerøkt og namneplanlegging.

I enno større grad enn kommunane er Kartverket ein formidlar av namn. Dette har Lantmäteriverket i Gävle teke konsekvensen av og no starta ein skriftserie med tittelen *Ortnamn och namnvård*. Nr. 1 i serien er *Ortnamn, fastighetsbildning och fastighetsregistrering* (LMV-Rapport 1991:20). Hovudredaktør for skriftet er Hans Ringstam. I føreordet kan ein lesa at skriftet "innehåller allmänna råd till landets fastighetsbildnings- och fastighetsregistermyndigheter om hur ortnamnsvårdens intressen skall beaktas vid fastighetsbildning och fastighetsregistrering". For mange norske lesarar er dette ukjende omgrep, men det har å gjera med korleis dei svenske styresmaktene går fram ved namnsetjing i samband med gjennomføring av den svenske grunneigedomsreforma. Alle grunneigedomar i Sverige skal innordnast i eit system med "traktnamn" (i somme høve "kvartersnamn"), dessutan kan den einskilde eigedomen ("fastighet") ha eit særskilt namn i tillegg til traktnamnet. Skriftet gjer greie for framgangsmåten ved fastsetjing av traktnamn og eigedomsnamn og tek også opp konflikten mellom tekniske og kulturhistoriske omsyn.

Esbo i Finland er vel den kommunen i Norden som har satsa mest på den namnefaglege sida ved namnsetjing av kommunale objekt. Namnenheten ved Esbo stadsplaneringsverk har no gjeve ut skriftet *Namnen i Hagalund hör till stadsbilden* med Marja Viljamaa-Laakso som forfattar. Her får ein innføring i både kulturhistoriske og praktiske sider ved stadnamn i kommunen. Skriftet er illustrert med talrike fotografi og kart.

Det kulturhistoriske aspektet står òg sentralt i den vesle boka *Gatunamn i Eslöv*. Del III av Göran Hallberg, utkome i serien Skrifter utgivna genom Dialekt- och ortnamnsarkivet i Lund, nr. 5, 1991 (del I og II er gjevne ut tidlegare med Joel Sallius som forfattar). Etter eit kort oversyn over prinsippa for namnsetjing drøfter forfattaren namna i Eslöv i eit historisk perspektiv og tek deretter for seg gatenamna i alfabetisk rekkjefylgje under kvar av dei 11 andre delane av storkommunen Eslöv. Også dette skriftet er illustrert med ei rekkje fotografi og kart.

BH

KOR MANGE NAMNETIDSSKRIFT?

Amerikanaren Edwin D. Lawson har i *The Serials Librarian* Vol. 21(4) 1992 publisert eit oversyn over vitskaplege namnetidsskrift. På grunnlag av ei spørjeliste til ulike internasjonale og nasjonale fagmiljø har han fått svar frå 32 namnefaglege tidsskrift. Av desse er det ført opp heile 5 svenske mot berre 1 norsk (*Namn og Nemne*). Svenskane har i tillegg til *Namn och bygd* og *Studia anthroponymica Scandinavica* fått med årsskrifta for dei regionale stadnamnselskapa og dessutan *NORNA-rapporter*, medan t.d. det norske *Avdeling for namnegransking. Årsmelding* ikkje er med.

Svenskane kjem òg godt ut med omsyn til alder; *Namn och bygd* er det nest eldste namnetidsskriftet i oversynet, nemleg frå 1913 (på dette punktet er NoB feilaktig ført opp under Noreg). Det eldste er *Decisions on Geographic Names in the United States* frå 1891.

BH

DEN 6. FN-KONFERANSEN OM GEOGRAFISKE NAMN

Den 6. FN-konferansen om standardisering av geografiske namn vart halden i FN-hovudkvarteret i New York 25. august - 3. september 1992 med om lag 160 deltakarar og observatørar frå 67 land. Frå Noreg møtte statens namnekonsulent for Austlandet, fyrsteamanuensis Botolv Helleland. Han la fram tre rapportar: 1) "Report of Norway", 2) "The Norwegian Place-Name Act" og 3) "Procedure for the Collection and Data Recording of Place-Names". Elles var Norden representert ved Birte Hjorth Pedersen frå Danmark, Ann-Christin Mattisson frå Sverige og Eeva Maria Närhi frå Finland, som alle rapporterte om ulike sider ved stadnamnarbeidet i sine land.

FN-konferansane, som vert haldne femtekvart år, har ei fast ramme der spørsmål som nasjonal standardisering av stadnamn, bruk av data, bruk av utanlandske namn, skriftsystem, utgjeving av nasjonale namnelister, innsamling og arkivering av stadnamn vert tekne opp. Landa står på til dels ulike nivå i dette arbeidet.

Konferansen understreka at det var viktig å samordna internasjonal bruk av stadnamn, dvs. at flest mogeleg tek i bruk den skrivemåten som kvart einskilt land har fastsett på historisk grunnlag. Eksonym (namneformer i andre lands språk) skal nyttast minst mogeleg.

Politiske sider ved geografiske namn skal ikkje drøftast på desse konferansane, men stundom dukkar dei opp, som når Hellas og Tyrkia

rauk saman om stadnamna på Kypros, eller når Korea og Japan diskuterte om havstykket mellom dei to landa skulle heita Japanhavet eller Koreahavet eller Austhavet (Tong-Hae).

I samband med konferansen heldt Ekspertgruppa for normering av geografiske namn sin 17. sesjon, der planane for det vidare FN-arbeidet vart dregne opp.

Den 7. FN-konferansen skal etter planen haldast i Teheran, Iran, i 1997.

KURS I ETYMOLOGISK METODE

Når dette bladet er ute hos lesarane, har Avdeling for namnegransking arrangert forskarkurs i etymologisk metode på Isegran i Fredrikstad. Kurset blir haldi 5.-7. november med professor Oddvar Nes, Bergen, som lærar. Kurset har vekt stor interesse, og det ser i skrivande stund ut til å bli godt over tjue deltakarar. Dei kjem frå Oslo, Kristiansand, Bergen, Volda og Tromsø. Emna er: 1) etymologi som språkvitskapleg og onomastisk disiplin, 2) etymologisk litteratur, med vekt på ordbøker, 3) prinsipp for etymologisk rekonstruksjon, 4) namnetypologi i lys av allmenn ordlaging, og 5) Hans Krahes "alteuropäische Hydronymie" i metodisk og forskingshistorisk lys. Det er i tillegg sett av tid til drøfting av artiklar og einskilde namneproblem. Det historisk-filosofiske fakultet ved Universitetet i Oslo og Noregs allmennvitskaplege forskingsråd støttar kurset økonomisk.

NORDISK MØTE OM NYE STATSNAMN

Den 28. oktober 1992 hadde Nordisk språksekretariat møte om korleis namn på nye statar og nye namn på gamle statar bør skrivast. Viktige spørsmål i denne samanhengen er om skrivemåten av desse namna skal tilpassast tradisjonelle nordiske stavemåtar (t.d. med endinga *-a/-en*), eller om ein mest mogeleg skal fylgja dei einskilde landa sin offisielle stavemåte. Eit særskilt problem er at ein del land skifter namn når dei skifter regime, og for andre land er det då eit spørsmål om kor snøgt dei eventuelt skal endra namna, jf. Kambodsja/Kampuchéa, Burma/Myanma[r]. Møtet tok òg opp spørsmålet om kven som skal vedta endringar i utanlandske namn. Er det språknemndene, departementa, normeringsorgana eller massemedia? Dei stadnamnkonsulentane som var representerte, streka under at ein måtte ta omsyn til tilrådingane frå FN om å fylgja dei einskilde landa sine

offisielle skrivemåtar mest mogeleg, medan språkrådsrepresentantane ville prioritera tradisjonelle nordiske skrivemåtar.

Nordisk språksekretariat kjem til å gje ut ein rapport frå møtet med innlegg og referat. Det er òg planlagt ei ny utgåve av den nordiske rettskrivingslista for statsnamn.

TRIER-KONGRESSEN

Som nemnt i førre nummer av Nytt om namn skal den 18. internasjonale namnegranskarkongressen haldast i Trier, Tyskland, i tida 12.-17. april 1993. ICOS (International Committee of Onomastic Sciences) står bak arrangementet, med professor Dieter Kremer som lokal tilskipar. Hovudemnet er personnamn med særleg vekt på familienamn, fordelt på 10 seksjonar som tek for seg ulike delemne. Professor Thorsten Andersson frå Uppsala har ansvaret for ein seksjon om "Personnamn og stadnamn". Han skal òg leia ein rundebordskonferanse om dette emnet.

Ei interessant sak ved denne kongressen er medlemsgrunnlaget for den internasjonale komiteen (ICOS). Medlemmene har til no vorte valde inn etter tilråding frå tidlegare medlemmer, og medlemskapen kan synast noko tilfeldig. Under ICOS-møtet i Helsingfors i 1990 vart det sett ned ei nemnd til å gå gjennom reglane og eventuelt koma med framlegg til ei ny organisasjonsform. Med i komiteen var Ernst Eichler (Tyskland), Margaret Gelling (England), Dieter Kremer (Tyskland), Bengt Pamp (Sverige), Rob Rentenaar (Nederland) og Rudolf Šrámek (Tsjekkoslovakia). Leiaren for det internasjonale namnegranskingssenteret i Leuven, Willy Van Langendonck, vart sekretær. Seinare valde komiteen Gelling som formann. I haust sende komiteen ut eit framlegg som skal drøftast under kongressen i Trier. Framlegget går ut på at namnegranskarar kan verta medlemmer etter tilråding frå dei einskilde landa sine fagmiljø, og at det skal innførast medlemspengar som m.a. gjev rett til å få tidsskriftet Onoma.

Fram til Trier-kongressen gjeld dei gamle lovene, reviderte i Helsingfors 1990. I eit skriv i januar 1991 bad formannen i ICOS, W. F. H. Nicolaisen, om at framlegg til nye medlemmer vart sende inn til sekretariatet i Leuven innan januar 1993. Adressa til ICOS-sekretariatet er *International Centre of Onomastics, Blijde-Inkomststraat 21, 3000 Leuven, Belgia.*

NY SVENSK NAMNEDAGSKALENDER

Frå 1. januar 1993 får Sverige nye namnedagar. Lista er alt publisert i "Vanliga almanackan för året ... 1993" og kjem seinare i haust ut som eiga bok med namnetydingar og utfyllande variantar. Lista er utarbeidd av Per Henningsson, Uppsala, i samråd med representantar for Svenska språknämnden, namneforskarar i Uppsala og Umeå og ein del andre interessentar. Som dei fleste sikkert har merka, er namnedagsfeiring ein fast og livskraftig tradisjon i vårt broderland. Namnedagane har difor ein heilt annan status der enn hos oss. Folk er for det eine opptekne av at namnerekkja skal vera funksjonell, dvs. svara til dei namna som er i bruk, men samtidig er dei òg vare for endringar i dei nedervde kalendernamna. Dette set ein redaktør i konstant klemme: Skal han la funksjon eller tradisjon vega mest?

Den nye rekkja avløyser ei namnedagsrekkje frå 1986. Begge desse er uoffisielle. Den siste offisielle kom i 1901. Ho innebar ei god fornying i si tid, men fekk etter kvart openberre manglar funksjonelt sett. Freistnader på å modernisere 1901-lista førte likevel ikkje fram, og etter at almanakkprivilegiet vart oppheva i 1972, har styresmaktene berre skuvd saka til side og overlati til private å rå bot på situasjonen. Namnerekkja frå 1986, som avlidne Roland Otterbjörk stod bak, løyste problemet med gammalt og nytt ved å ta vare på *begge* aspekta: Namna frå 1901 let han stå som førstenamn, men så fylte han på med to namn til pr. dato frå det allmenne, profane namnetilfanget, slik at lista fekk over 1000 namn i alt. Samtidig sytte han for å få balanse mellom manns- og kvinnenamn. Tidlegare hadde kvinnenamna vori i klårt mindretal.

Henningsson byggjer på Otterbjörks prinsipp om modernisering og likskap mellom kjønna, men skjer kraftig ned på tal namn. Han har i gjennomsnitt to pr. dag, til saman 369 mannsnamn og 350 kvinnenamn. Utvalet er gjort på statistisk grunnlag, men med stor pietet mot 1901-lista: heile 95% av namna der er framleis med. Nedskjeringa har særleg gått ut over samanskrivingar (*Majbritt* o.fl.), kjæleformer (*Bojan* o.fl.) og heilt sjeldne namn (*Gölin* o.fl.). Alle utbreidde namn står naturlegvis ved lag, og om ein nordmann skulle stusse over at t.d. *Sverre* og *Sigrun* - som begge er kjernenamn hos oss - har gått ut, er forklaringa ganske enkelt at dei er for sjeldne i Sverige til å bli med. Ein del namn er flytta, også nokre 1901-namn (m.a. *Sverker* frå 4.11 til 2.1), og eit fåtal nye har komi inn (m.a. *Ronja* 8.4). Flyttingane er først og fremst gjorde for å få betre språkleg samsvar mellom namn på same dato. Såleis stod *Sverker* før saman med *Nora* og *Nore*, men deler no dag med *Svea* - ei fin fonetisk kopling. At *Nora* og *Nore*

har fått ny plassering på 17. mai, kan vi vel ta som ein gest til det norske folk.

Redaktøren har utan tvil stått overfor mange vanskelege val, og tradisjonskjære svenskar som har levd seg inn i dei eldre namnerekkjene, vil nok finne somt kritikkverdig. Men for meg som tilskodar synest resultatet i det store og heile avbalansert og harmonisk. Den nye rekkja sameinar det beste frå 1901 og 1986, og har ikkje minst fått bort det preget av basarsortiment som 1986-lista til dels hadde.

KK

ISLANDSK NAMNEBOK

Nöfn Íslendinga heiter ei ageleg bok på 613 sider som Guðrún Kvaran og Sigurður Jónsson gav ut i fjor. Størstedelen av boka er eit leksikon over alle førenamn som har vori i bruk på Island frå 1703 til 1990, med detaljerte opplysningar om oppkomst, utbreiing og språkleg opphav. I tillegg inneheld ho grundige kapittel om kjelder, namnegrupper, avleiings- og samansetjingstypar og den historiske framvoksteren av islandsk namneskikk alt frå landnåmstida. Den nye namnelova (1991) blir òg presentert og omtala mot ein historisk bakgrunn. *Nöfn Íslendinga* er kort sagt eit storverk som knapt har sin make i Norden. Vi viser til nærare omtale i det komande nummer av *Namn og Nemne*.

NORDISK KONFERANSE OM STADNAMNKULTUR

Riksantikvarieämbetet i Sverige skal i tida 5.-7. mai 1993 halda ein nordisk konferanse om "ortnamnskultur" i Stockholm. I eit innbydingsskriv heiter det m.a.:

> Intresset i samhället för ortnamnen har ökat kraftigt under senare år. Framförallt gäller det uppmärksammandet av ortnamnens sociala betydelse, deras förmåga att få den enskilde att uppleva en egen identitet och att samtidigt förstå sin hembygds bebyggelsehistoria... Numera diskuteras ortnamnen också mera öppet som en mångkulturell företeelse. I Sverige finns t.ex. inte bara en svenskspråkig utan också en finsk och en samisk ortnamnsskatt att vårda. Likartade förhållanden råder i Finland och Norge... Grunden för kulturmiljövårdens syn på ortnamnen är insikten att det finns ett samband mellan ortnamn, mark och sättet att använda marken.

Ortnamnen ses därmed inte som ett isolerat språkligt system utan som en integrerad del av en vidare kulturhistorisk verklighet. De är viktiga delar av kulturlandskapet både från en bebyggelsehistorisk synpunkt och ur en social aspekt.

NAMN PÅ LOKALHISTORIEMØTE

I samband med landsmøtet 1993 skal Landslaget for lokalhistorie skipa til eit seminar i namnegransking. Seminaret skal haldast i Kristiansund 11.-13. juni. Ei rekkje namnegranskarar skal ha innlegg, m.a. Jørn Sandnes og Ola Stemshaug frå Trondheim og Kristoffer Kruken, Terje Larsen og Anne Svanevik frå Oslo. Av foredraga kan nemnast at Kruken skal snakka om personnamn i eldre tid, medan Larsen, som er sekretær for Namnekonsulenttenesta på Austlandet, skal halda foredrag om den nye stadnamnlova ut frå problemstillinga kulturminnevern eller namnebyråkrati.

NASJONAL NAMNEKONFERANSE 1993

Den 7. nasjonale namnekonferansen skal haldast på Blindern i Oslo fredag 19. november 1993 med Avdeling for namnegransking som tilskipar. Hovudemnet vert "Stadnamn og kulturlandskapet". Med dei store endringane som skjer i kulturlandskapet i dag, skulle temaet vera høgst aktuelt. Nærare orientering med førebels program vil verta send ut i neste nummer av Nytt om namn.

STUDENTARBEID OM NAMN

Storfag i Volda

Ellen Vigerstøl Hildre: *Øyvind het han, og gråt - fordi de andre hette Even.* Navnemoter og fornorsking av personnavn i Arendal, Flosta og Vegårshei, 1840-1899. Norsk storfag, Møre og Romsdal distriktshøgskule, våren 1992.

Føremålet med oppgåva er å kartleggje kor sterkt dei nordiske namna står i dei områda og i den tidsperioden som tittelen nemner. Områda er valde for å få geografisk, næringsmessig og sosial variasjon: Arendal er ein

kystby med sterkt preg av handel og sjøfart, Flosta ei kystbygd med småbruk og fiske, og Vegårshei ei innlandsbygd med jordbruk som domineranде næring. Materialet er henta frå kyrkjebøkene supplert med dåpsregisteret for "Guds menighet på Vegårshei" frå 1889. Listene inneheld til saman 13010 døypte. Av dei har 4067 (2610 gutar og 1457 jenter) fått eit nordisk namn, og det er denne namnegruppa undersøkinga gjer greie for. Tilfanget er delt i tiårsbolkar frå 1840 til 1859 og i femårsbolkar frå 1860 til 1899. Slik får Hildre tidfest eventuelle skiftingar ganske presist. For å få svar på om dei nordiske namna er nye eller tradisjonelle i sin samanheng, har ho òg gått gjennom dåpslistene attover frå 1840 så langt kjeldene rekk.

Innslag av nye nordiske namn i undersøkingsperioden må nesten automatisk koplast til fenomenet "den nordiske namnerenessansen". Denne koplinga har òg Hildre gjort, men meir som ein uforløyst føresetnad enn som eksplisitt fortolkande perspektiv. Personleg skulle eg ønskt at ho hadde drøfta litt nærare både den ideologien som dreiv namnerenessansen fram, og dei kanalane som namna vart spreidde gjennom.

Resultata blir framstilte i tabellar og diagram med uttømande merknader attåt. Kring 1840 står dei (tradisjonelle) nordiske namna sterkt i Vegårshei, men er mykje sjeldnare på kysten, særleg i bysamfunnet. Dei nye namna kjem derimot først og sterkast inn i byen. Dei markerer seg også godt i Flosta, medan Vegårshei ikkje opplever nokon renessanse å snakke om - iallfall ikkje før 1900. Dette stadfester atter at den nordiske namnerenessansen i stor grad var eit modernitetsfenomen som særleg fengde i visse grupper innan dei høgre sosiale laga, men som konservative bygder ytte motstand mot. Det hjelpte lite at dei same bygdene var fullproppa av nordiske namn frå før. I ein viss forstand kan ein altså hevde at den språklege komponenten i namnerenessansen var underordna (dette er min påstand, ikkje Hildres). Ei samanlikning mellom Arendal og Ålesund viser at desse byane får inn nye namn om lag samtidig. Elles er det påfallande kor mykje sterkare nordiske kvinnenamn står på Sørlandet enn på Sunnmøre i tiåra før omslaget kjem.

Hildre tek òg ein avstikkar til skutenamn i distriktet, og påviser her mange nordiske namn (*Gyda*, *Sverre* o.fl.) før dei same namna kjem i bruk på personar. Eit sentralt spørsmål blir da om skutene har vori ein formidlingslekk over til namngjevinga av personar, eller om det er snakk om to sidestilte nedslag av ein felles ytre impuls. Her ligg det stoff til ei sjølvstendig undersøking av stor metodisk og kulturhistorisk verdi.

I ein eigen leksikondel omtalar Hildre kvart enkelt namn alfabetisk med førekomstar, tidspunkt, skrivemåtar og stundom namngjevingsgrunn. Somme av artiklane er litt omstendelege og hadde tent på ei innstramming; det gjeld m.a. *Harald* og *Tjøger*. Hildre har sett kryss ved namn som ikkje står

i *Norsk personnamnleksikon*. Dette er nok i hasta gjort, for leksikonet nemner både *Elfrida, Gunnstein, Vrål* og ei rekkje andre som Hildre har kryssa ut. Eit interessant namn er *Arald*, som ho med rette klassifiserer som *H*-laus form av *Harald*. Det er truleg òg rett å setje kvinnenamnet *Asle* til gamalnorsk *Atla*, men elles kunne *Aslaug* vera eit rimeleg opphav her. Namn på *-laug* og *-leiv* er i det heile sterkt omlaga både i talemål og eldre skrift.

Hildre avrundar med frekvensordna lister over alle namn i kvart område og i kvar tidsperiode. Oppgåva er gjennomført med sikker metode og godt skjøn.

Mellomfag i Oslo

Engebret Grøthe: *Stølsnamn i Hemsedal*. Semesteroppgåve våren 1992.

Oppgåva byggjer på tilfang i seternamnregisteret (S) og heradsregisteret (H) i Avdeling for namnegransking. S har 331 namn, H har 116 som òg flest alle er med i S, slik at H i praksis berre blir eit kontrollmateriale til S (først og fremst for uttalen). Namn som ikkje er kartfesta, er haldne utanfor analysen. Grøthe gjer greie for alle hovudledd under todelinga kultur- og naturnemne. Leddet *-støl* dominerer (62% av alle namn) og peikar ut Hemsedal som eit kjerneområde for dette leddet i norske seternamn i det heile. Deretter går han inn på viktige semantiske grupper av underledd. Han påviser m.a. eit samband mellom gardsnamn og personnamn som underledd og vanlege kulturappellativ som hovudledd, t.d. *Eikrestølatn, Pålvollen*. Derimot vil namn med naturnemne som hovudledd gjerne også ha eit naturnemne som underledd, t.d. *Blomslettan*. Dette er viktige observasjonar, men Grøthe synest ha oversett at namn av den siste typen òg kan vera samansette appellativ (og dermed ikkje toledda som namn betrakta). Det gjeld m.a. *Kvannegrø*. Eit markert trekk ved setringa i Hemsedal er at brukseiningane ofte ligg i grender på samanhengande voll. I slike tilfelle er namnet gjerne òg felles. Grøthe har teikna instruktive kart over einskildvollar og grender fordelte på hovudleddstype. Ein kritisk merknad til slutt: Tala i teksten er ikkje lette å bli klok på. Summen i hovudleddslista (vedlegg V) stemmer korkje med S totalt eller med S frådregi namn utan kartfesting. Det er òg varierande opplysningar om einskildledd. Kanskje ligg svaret i ei unemnd justering for stølsgrend, som Grøthe under visse føresetnader har definert som eitt namneobjekt, eller det botnar i ei spesiell handsaming av homonyme namn. Men om så er tilfellet, har det ikkje komi klårt nok fram.

KK

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1991

Bibliografien er sett opp ved Avdeling for namnegransking. Han følgjer dei same prinsippa som vi gjorde greie for i *Nytt om namn* nr. 11, 1990. Innførslene er skipa alfabetisk utan omsyn til emne. Vi ber lesarane melde frå om feil og manglar. Eventuelle tillegg kjem i neste nummer.

Akselberg, Gunnstein: [Melding av] Inge Særheim: Namn og stader i Rogaland. [Stavanger] 1986, d.s.: Kvitsøy. Namn og stader. [Stavanger] 1989, d.s.: Utsira. Namn og stader. [Stavanger] 1990. I: Namn og Nemne 8 - 1991:115-119.

Alander, Arild: Namnet Frederiks Gave. I: Gammelt frå Alvdal og Folldal 1991:20.

Alander, Rune: Hva folk hette i Folldal i 1801. I: Gammelt frå Alvdal og Folldal 1991:52-54.

Alander, Rune: Hva folk i Tønset prestegjeld hette i 1801. I: Nord-Østerdalen 1991:27-29.

Albøge, Gordon: [Melding av] Eivind Vågslid: Norske skrivarar i millomalderen. Oslo 1989. I: Namn och bygd 79 (1991):250-254.

Alhaug, Gulbrand: Frå *Dagny* og *Jenny* til *Bjørgny* og *Perly*. Nye kvinnenamn på *-y* etter mønster av namn med liknande struktur i norrønt og engelsk. I: G. Albøge, E. V. Meldgaard og L. Weise (red.): Analogi i navngivning. (NORNA-rapporter 45.) Uppsala 1991:13-47.

Alhaug, Gulbrand: Landsdelsuniversiteta sine oppgåver ved ei desentralisert konsulentteneste. Ansvar og oppgåver for Universitetet i Tromsø. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:69-75.

Alhaug, Gulbrand: Namnevariantar - eit sentralt problem i personnamngranskinga. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:121-134.

Alhaug, Gulbrand: Personnamngransking som middel til å oppspore slektsrøter i Noreg. I: B. Helleland (red.): Norsk språk i Amerika:173-192./Summary./

Alhaug, Gulbrand: Ny bok om personnavn. Anne Svanevik og Johan Fredrik Køste: Den store navneboken. I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:28-32./Bokmelding./

Alhaug, Gulbrand: Russiske personnamn i Nord-Noreg. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991:94-113.

Alhaug, Gulbrand og Yulian Konstantinov: Compromise Names among Pomaks of Bulgaria. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:21-35.

Alhaug, Gulbrand, Kristoffer Kruken og Helge Salvesen: Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991. Oslo 1991. 541 s.

Alhaug, Gulbrand: Sjå Igla, B., Y. Konstantinov og G. Alhaug.

Alhaug, Gulbrand: Sjå Konstantinov, Y., G. Alhaug og B. Igla.

Asheim, Olav: Reference and Intentionality [m.a. om namnesemantikk]. Oslo 1991. 225 s. (Utrykt doktoravhandling, Universitetet i Oslo.)

Aune, Kolbjørn: Skjelgstad - eit gløymt gardsnamn i Hemnebygdene. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:36-43.

A[ustigard], B[jørn] og K[åre] M[agne] H[olsbøvåg]: Fleire sund-namn på landjorda. I: Romsdal Sogelag. Årsskrift 1991:181-182.

Bakken, Kristin: Gustav Indrebø: "Stadnamni i ei fjellbygd". En metodeundersøkelse. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991:35-52.

Bakken, Kristin: Norske bustadnavn - Østfold fylke. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:27-39.

Bakken, Kristin og Kristoffer Kruken: [Melding av]: Vibeke Dalberg: Stednavneændringer og funktionalitet. Analogisk stednavneomdannelse, epexegetisk stednavnedannelse og stednavneskifte belyst ved danske toponymer. København 1991. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991:119-125.

Bergsland, Knut: Samiske stedsnavn på offisielle karter. I: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:18-21.

Bergsland, Knut: Stedsnavn som historisk kilde. I: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:61-66.

Besseggen eller Besseggi? I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:18-21. /Debattinnlegg i Aftenposten okt. 1991: leiarartikkel, Botolv Helleland (Statens namnekonsulent) og Anne Svanevik (Statens kartverk)./

Bjorvand, Harald: *birki* N. - *bjǫrk* F. Zur Vorgeschichte der altnordischen neutralen Ableitungen von Baumnamen. I: J. O. Askedal, H. Bjorvand og E. F. Halvorsen (red.): Festskrift til Ottar Grønvik på 75-årsdagen den 21. oktober 1991. Oslo 1991:143-156.

Borg, Arve: Nywster - Nust. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:54-60.

Bratrein, Håvard Dahl: Nordnorske stadnamn med "skei" - ei alternativ tolkning. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:61-65.

Desserud, Per Jacob: Om Franzer i Jevnaker og litt mer. I: Vestoppland Slektshistorielags Tidsskrift. Nr. 3, 1991:218-224.

Einbu, Kristine Thøring: Gamle kunavn. I: Gåmålt frå Lesja og Lesjaskog 1991:87.

Eskeland, Tuula: Svedjeindikerende finske stedsnavn på Finnskogene. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991:61-70.

Eskeland, Tuula: Finnskog-prosjektet. Finsk i Sør-Norge belyst ved de finske stedsnavnene på Grue Finnskog i sammenlikning med de finske navnene i Våler og Vinger Finnskog. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:55-58.

Frette, Thor: Litt om stedsnavn i Tana: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:130-132. /Tidligare trykt i Deatnu årbok 1984./

Frette, Thor: Luohtte-muorra. I: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:133-136. /Tidligare trykt i Deatnu årbok 1987./

Fridell, Staffan: [Melding av] Tom Schmidt (red.): Namn og eldre busetnad. (NORNA-rapporter 43.) Uppsala 1990. I: Namn och bygd 79 (1991):234-237.

Fridell, Staffan: [Melding av] Inge Særheim: Utsira. Namn og stader. Stavanger 1990. I: Namn och bygd 79 (1991):247.

Hallaråker, Peter: Etternamn hos norske immigrantar i USA. I: B. Helleland (red.): Norsk språk i Amerika:117-134. /Summary./

Hallaråker, Peter: Normering av skrivemåten av stadnamn. I: Du mitt Nordmøre 1991:60-64.

Hallaråker, Peter: Nye brunamn og tunnelnamn i Møre og Romsdal - Krifastnamn. I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:19-21.

Hallaråker, Peter: Kart som hjelpemiddel og som kjelde for stadnamngransking. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen: Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:166-183.

Halvorsen, Eyvind Fjeld: Normering av skrivemåten for stedsnavn. Ekskurs: Navnet *Mjærskog*, gnr. 86 Enebakk. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:14-22.

Hansen, Lars Ivar: Samiske spor i norske stedsnavn. I: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:22-40.

Harsson, Margit: Prosjektet 'Norske rud-namn'. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:80-87.

Harsson, Margit: Stadnamn i Aust og Vest. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991:71-83.

Helander, Kaisa Rautio: Sámegiel báikenamaid struktuvra ja deháleamos čoagginrávvagat. I: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:72-93.

Helleland, Botolv: Typen *Lien* i høve til *Lia*. Analogi i form og funksjon. I: G. Albøge, E. V. Meldgaard og L. Weise (red.): Analogi i navngivning. (NORNA-rapporter 45.) Uppsala 1991:83-99.

Helleland, Botolv: Ny lov om skrivemåten av stadnamn. I: Språknytt 1/1991:12-13.

Helleland, Botolv: Stadnamn i Eidfjord. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:75-77.

Helleland, Botolv: Die Gewässernamen einer westnorwegischen Gebirgsgegend (Hardangervidda). I: Probleme der älteren Namenschichten. Leipziger Symposion 21. bis 22. November 1989. Herausgegeben von Ernst Eichler (Beiträge zur Namenforschung.) Heidelberg 1991:199-210.

Helleland, Botolv: Etymologisk eller dialektnær skrivemåte av stadnamn? I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:23-33.

Helleland, Botolv: Munnleg normering av stadnamn. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:107-119.

Helleland, Botolv: Høge fjell og djupe dalar. I: På Norske Vinger 1/91:44-45 og 2/91:43.

Helleland, Botolv: Hallan, Halland og Helland. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:184-209.

Helleland, Botolv (red.): Norsk språk i Amerika. Norwegian Language in Amerika. Oslo 1991. 232 s. + 3 s.

H[elleland], B[otolv]: Stavanger og andre namn på *-anger*. I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:27-28. /Melding av G. Holm: De nordiska *anger*-namnen./

H[elleland], B[otolv]: Doktorgradsavhandling om norske namn i omsetjing til tysk. I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:29-31. /Omtale av Gero Lietz: Eigennamen in der norwegischen Gegenwartssprache. Probleme ihrer Wiedergabe im Deutschen am Beispiel belletristischer Texte./

H[elleland], B[otolv]: Nytt fylkeskart for Hordaland. I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:17-18.

H[elleland], B[otolv]: Tynset - eit normeringsproblem. I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:23-25.

H[elleland], B[otolv]: Nyredigert samling av stadnamn i Odda. Tormod K. Eitrheim legg fram namnesamling. I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:15-17.

[Helleland, Botolv]: Tron eller Tronden? I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:21-22.

Helleland, Botolv og Kristoffer Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Oslo 1991. 146 s.

Helleland, Botolv og Anne Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Oslo 1991. 146 s.

Hesstveit, Ola: Hold store dyr til babord [intervju med Reidar Marmøy om skjergardsnamn i Grimstad]. I: A-Magasinet 10. mars 1991:22-24.

Hol, Ragnar: Stedsnavn i Hvaler. *Lekvolden*. I: Øyene. Hjembygda Hvaler. Hefte 38, april 1991:34-36.

Holm, Gösta: De nordiska *anger*-namnen. Lund 1991. 810 s.

Holsbøvåg, Kåre Magne: Sette bjørnane merke etter seg i tre? I: Romsdal Sogelag. Årsskrift 1991:155-158.

H[olsbøvåg], K. M.: Sjå A[ustigard], B. og K. M. H[olsbøvåg].

Horgen, Gudlaug Nedrelid: 1. februari 1801 - og litt om det ein kan finne der. I: Eigenproduksjon. Nr. 43 (1991):36-49. (Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.)

Horgen, Gudlaug Nedrelid: Slektsnamn i folketeljingi av 1801. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:96-104.

Hunstadbråten, Kai: Gamle navn langs Snarumselva. Etter Jakob Andr. Samuelsen. I: Gamle Modum. Årsskrift for Modum Historielag. 6. årgang 1991:43.

Igla, Birgit, Yulian Konstantinov og Gulbrand Alhaug: Some Preliminary Comments on the Language and Names of the Gypsies of Zlataritsa (Bulgaria). I: Nordlyd 17 - 1991:118-134.

Igla, Birgit: Sjå Konstantinov, Y., G. Alhaug og B. Igla.

Jahr, Ernst Håkon: Kråka på Spangereid og stadnamnet *Kråkevika*. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:216-225.

Jarnæs, Johan, Per Sunmann og Lars Trollerud: Labyrinten på Kongsberg og lokale stedsnavn. I: Langs Lågen nr. 4 1991:150-158.

Karbø, Asbjørn og Kristoffer Kruken: Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg. Oslo 1991. 183 s.

Konstantinov, Yulian, Gulbrand Alhaug and Birgit Igla: Names of the Bulgarian Pomaks. I: Nordlyd 17 - 1991:8-117.

Konstantinov, Yulian: Sjå Alhaug, G. og Y. Konstantinov.

Konstantinov, Yulian: Sjå Igla, B., Y. Konstantinov og G. Alhaug.

Korslund, Frode: Gårdsnavn i Sør-Gudbrandsdalen. Sett i sammenheng med gårdenes størrelse. Oslo 1991. 167 s., 16 kart. (Utrykt hovudoppgåve, Universitetet i Oslo.)

Kristoffersen, Dag: Kvinnenavn langs Lågen: Karen og Berte i Hedrum - Kari og Bergit i Rollag. I: Langs Lågen nr. 2 1991:88-91.

Krogsæter, Johan: Kor gamal er busetnaden i Vatnedalen? I: Vatne Sogelag. Årsskrift 1991. Skrift nr. 11:62-65. [Ymist om stadnamn.]

Krogsæter, Johan: Stadnamnet Ålesundet. I: Aalesunds museum. Skrift nr. 19 (1991):73-76.

Kruken, Kristoffer: Namnet *Akjørja* i Vanvikan. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:237-247.

Kruken, Kristoffer: *Dulu*(-) i trøndske stadnamn. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991:53-59.

Kruken, Kristoffer: Kva kjem namnet *Pros* av? I: Talatrosten 1991:22-28.

K[ruken], K[ristoffer]: Namnet *Olav* og reformasjonen. I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:22-24.

Kruken, Kristoffer: Personnamn - kva skjedde i 80-åra? I: Leksvik og Stranda Menighetsblad nr. 4, 1991:5-6.

Kruken, Kristoffer: Russland, Dagros og Fia - norske kunamn. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:110-113.

Kruken, Kristoffer: [Omtale av] Patrick Hanks & Flavia Hodges: A dictionary of first names. Oxford/New York 1990. I: Studia anthroponymica Scandinavica 9 (1991):143-146.

K[ruken], K[ristoffer]: Personnamn i Trøgstad. I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:32-33. /Om boka Vi og våre tipper. En annerledes navnebok./

K[ruken], K[ristoffer]: Norsk i Amerika. I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:39-41. /Omtale av B. Helleland (red.): Norsk språk i Amerika./

K[ruken], K[ristoffer]: Gløymd namnestrid fram i lyset. I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:37-38. /Omtale av O. Stemshaug: Stridane om bynamna Fosna - Kristiansund./

K[ruken], K[ristoffer]: Studentarbeid om namn. Mellomfag i Oslo. [Omtale av] Jørund Folstad: Utmarksnavn frå Hovin i Gauldal. (Semesteroppgåve våren 1990), Finn Folke Thorp: Villa- og andre bustadnamn på Ljan. (Semesteroppgåve våren 1990), Sissel Breievne: Inn- og utmarksnamn på garden Breidemne, Strandebarm i Hardanger. (Semesteremne hausten 1990), Lisbeth Elvebakk: Namn på båar, holmar og skjer frå sjøkart nr. 53. (Semesteremne hausten 1990), Tone Bjøndal: Ei undersøking av utviklinga av slektsnamn på Nesodden i perioden 1801 til 1900. (Semesteroppgåve hausten 1990), Borghild Godal: Personnamnskikken i Sandvika, Fossum og Lommedalen i 1801. (Semesteroppgåve hausten 1990). I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:37-40.

K[ruken], K[ristoffer]: Studentarbeid om namn. [Omtale av] Per Soot: Namnetap, kontinuitet og nye namn i Fevik skolekrins. (Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen, våren 1991), Hege E. Sollund: Stadnamn

på Larkollen. (Mellomfagsoppgåve ved Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, våren 1991.) I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:41-43.
Kruken, Kristoffer: Sjå Alhaug, G., K. Kruken og H. Salvesen.
Kruken, Kristoffer: Sjå Bakken, K. og K. Kruken.
Kruken, Kristoffer: Sjå Helleland, B. og K. Kruken (red.).
Kruken, Kristoffer: Sjå Karbø, A. og K. Kruken.
Kruse, Arne: Arbeidet med normering av skrivemåten av namn på fylkeskartet for Møre og Romsdal. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:47-55.
Kruse, Arne: Norske stadnamn i Coon Valley, Wisconsin. Møte mellom to tradisjonar. I: B. Helleland (red.): Norsk språk i Amerika:135-171. /Summary./
Kvalø, Jann: Rusch-navnet og dets opprinnelse. I: Årbok for Namdalen 1991:7-10.
Kvam, Anders Martin: Fingalshola i Granvik. En liten navnejakt. I: Årbok for Namdalen 1991:106-112. /Også trykt i Mot-skrift. Nr. 1/2 1990: [95-98]./
Kvillerud, Reinert: [Melding av] Anne Svanevik og Johan Fredrik Køste: Den store navneboken. Stavanger 1990. I: Studia anthroponymica Scandinavica 9 (1991):164-165.
Kvålen, Veslemøy: "Og Olav het son og Olav het far". Bruken av førenamn i Vinje 1900-1985 samanlikna med nokre andre område. Oslo 1991. 223 s. + tillegg. (Utrykt hovudoppgåve, Universitetet i Oslo.)
Kvaavik, Signe: Stadnamn. I: Lyngdalsboka 1991:21.
Larsen, Terje: Norsk stadnamnbibliografi. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:116-118.
Leira, Vigleik: Norsk språkråds arbeid med utenlandske geografiske navn. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:93-97.
Liland, Eirik: Litt om tru, tradisjon og namn på Helgeland. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:273-280.
Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn med merknader og forskrifter. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:126-150.
Magga, Ole Henrik: Om normering av samiske og finske stedsnavn i Nord-Norge. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:82-89.
Magga, Ole Henrik: Báikenamaid geavahus ja sámi kultuvra. I: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:5-17.
Marmøy, Reidar: Sjå Hesstveit, Ola.

Mathisen, Hans Ragnar (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner. Báikenammačoaggima giehtagirji. Håndbok i stedsnavnregistrering med rapport fra to seminarer arrangert og utgitt av Romssa Sámi Searvi. Tromsø 1991. 170 s.

Midtbrød, Arvid: Merknader til nokre *anger*-namn i Rogaland. I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:28-29. /Gjeld G. Holm: De nordiska *anger*-namnen./

Mogstad, Lars: Lov om stadnamn av 18. mai 1990. I: Du mitt Nordmøre 1991:46-49.

Myhren, Magne: Merknader til nokre stadnamn i Hallingdal. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:319-332.

Myrvang, Finn: Gardsnamnet Gåra i Kvæfjord. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:333-335.

Myrvang, Finn: Normeringsproblem i nordnorske stadnamn. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:39-46.

Myrvang, Finn: Stadnamnprosjektet i Nordland. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:49-52.

Myrvang, Finn: Vidrak, Vidrek eller Vidræk? I: Håløygminne. Hefte 1 - 1991 (18. bd.):280-282.

Myrvang, Finn: Trondarnes-namnet. I: Håløygminne. Hefte 2 - 1991 (18. bd.):311-312.

Myrvang, Finn: Kåringen. I: Håløygminne. Hefte 2 - 1991 (18. bd.):312.

Myrvang, Finn: 'Særmerkte stadnamn' mange år etter. I: Håløygminne. Hefte 3 - 1991 (18. bd.):317-332.

Myrvang, Finn: Skjoma og Skjomen. I: Håløygminne. Hefte 3 - 1991 (18. bd.):336-340.

Myrvang, Finn: Litt om stadnamn frå Værøy og Røst. I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:15-17.

Myrvang, Finn: Norsk stadnamnleksikon 15 år. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991:31-34.

Namn og Nemne. Tidsskrift for norsk namnegransking. Redaktørar: Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes. Årgang 8 - 1991. 125 s.

Nes, Oddvar: Nokre norske stadnamn. *Fister*, *Luster* og *Oster*. I: Namn och bygd 79 (1991):33-41. /Tidligare trykt i Studia Onomastica s. 251-259./

Nes, Oddvar: Nasjonale prosjekt i namnegransking. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking: 40-41.

Norsk namnebibliografi 1990. I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:41-47.

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken. Nr. 13 - 1991. Oslo 1991. 46 s. Nr. 14 - 1991. Oslo 1991. 43 s.

Oma, Torgeir: Kartet forteller historie. I: Asker og Bærum Historielag. Skrift nr. 31, 1991:237-241.

Ottesen, Johan: Stadnamn frå Rimøya. I: Folk og fortid. Tidsskrift for Herøy Sogelag 1991:92-95.

Pedersen, Aud-Kirsti: Terrengnemningar for høgder og djuplende i tre Troms-bygder. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:71-74.

Pedersen, Aud-Kirsti: Utsyn over nordnorsk stadnamngransking. I: Hålløygminne. Hefte 1 - 1991 (18. bd.):265-279. /Noko utvida og korrigert versjon av artikkel i Nordlyd 15 - 1989./

Pedersen, Aud-Kirsti: Forvrenging av stadnamn. I: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:69-71.

Pedersen, Aud-Kirsti: Innsamling og arkivering av stadnamn. I: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:94-129.

Roen, Knut: Veinavnene i Tune. I: Tune-Runer. Nr. 23, okt. 1991:19-20.

Rogan, Bjarne: Om ting og navn. I: Norveg 34 (1991):47-65.

Rogan, Bjarne: Lensmandsdøden, Sjelesørgeren ... og andre geværnavn. I: Nationen 19.2.1991.

Rogan, Bjarne: [Omtale av] A. Karbø og K. Kruken: Gullhorn og dei andre. Kunamn i Noreg. Oslo 1991. I: Dugnad 4/91:71-72.

Salvesen, Helge: Kontraksjonsnavn i Jemtland. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:367-385.

Salvesen, Helge: Sjå Alhaug, G., K. Kruken og H. Salvesen.

Sandnes, Jørn: *Saurhlið* eller *Saurhlíð*. Et sentralt navn i det gamle Nidaros. I: Namn och bygd 79 (1991):33-41. /Tidligare trykt i Studia Onomastica s. 327-335./

Sandnes, Jørn: Olbu - eit feiltolka gardsnamn i Oppdal. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:386-390.

Sandnes, Jørn: Landsdelsuniversitetenes oppgave ved en desentralisert konsulenttjeneste. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:76-78.

Sandnes, Jørn: Norske sognenavn i middelalderen. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991:15-29.

Sandøy, Helge: Åmdal og Åndalsnes. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991: 7-13.

Schmidt, Tom: Nils i Norge. Utbredelsen av personnavnet og bruken i stedsnavn. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:391-413.

Schmidt, Tom: Litteraturkrönika. Noreg. I: Namn och bygd 79 (1991):181-187. (=NORNA-rapporter 46.)

Schmidt, Tom: Opplandsprosjektet. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:46-48.

Schmidt, Tom: Prosjektet 'Norske gårdsnavn på *-by/-bø*'. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:88-94.

Schulze, Johan A[nthon]: Bøheringsmål i forn og nye. Oslo 1991. [95 s.].

Schulze, Johan A[nthon]: Eidangermål i ord og namn. I: Årbok for Telemark 1991:83-89.

Seim, Karin Fjellhammer: Flere onomastiske sider ved runematerialet fra bygrunnen i Trondheim og Bryggen i Bergen. I: Studia anthroponymica Scandinavica 9 (1991):21-32. /Summary./

Sivesind, Johannes: Ord og navn som historiens speil. I: d.s.: Visjon og virke. Festskrift i anledning Johannes Sivesinds 70-årsdag 18. april 1991:57-175.

Skaven-Haug, Sv.: Gårdsnavnet Skaven. I: Gammalt frå Stange og Romedal 1991:114-116.

Skjævestad, Eilert: Stadnamn frå Tromøya. Bergen 1991. 202 s. (Utrykt hovudoppgåve, Universitetet i Bergen.)

Soot, Per: Namnetap, kontinuitet og nye namn i Fevik skolekrins. Bergen 1991. 106 s. (Utrykt hovudoppgåve, Universitetet i Bergen.)

Söderholm, Eira: Semantiske forandringer i topografiske appellativer. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:59-70.

Steinlien, Øystein: Samiske stedsnavn som del av kulturell revitalisering. I: H. R. Mathisen (red.): Sámi kulturmuittut. Samiske kulturminner:67-68.

Stemshaug, Ola: Stridane om bynamna Fosna - Kristiansund. Oslo 1991. 104 s.

Stemshaug, Ola: Mot eit norsk namneverk. I: Syn og Segn 1/1991:79-86.

Stemshaug, Ola: Bynamnstrid og politikk i Trondheim i 1991. I: Namn og Nemne. Årgang 8 - 1991:85-92.

Stemshaug, Ola: Place-name evidence of Bloomery ironmaking in Norway. I: Bloomery ironmaking during 2000 years. Seminar in Budalen, Sør-Trøndelag, Norway August 26th - 30th 1991. "In Honorem Ole Evenstad". Volume I. Ancient ironmaking in a local and general Norwegian context. Ed. Arne Espelund. Trondheim 1991:116-127.

Stemshaug, Ola: Standardization and change of place names in modern Norwegian language planning and politics. I: Papers from the Twelfth Scandinavian Conference of Linguistics. Reykjavík, June 14 - 16 1990. Reykjavík 1991:391-402.

Stemshaug, Ola: [Omtale av] Tom Schmidt (red.): Namn og eldre busetnad. (NORNA-rapporter 43.) Uppsala 1990. I: Heimen 4, 1991:239-240.

Strandberg, Svante: [Melding av] Kjell Venås: Norske innsjønamn 3. Hedmark fylke. Oslo 1987. I: Namn och bygd 79 (1991):248-250.

Stølen, Anders: Fartein-namn i Kvinnherad. I: Sunnhordland. Årbok 1991 (bd. 72):57-69.

Stølen, Anders: Elseber(g)-namnet i Hardanger. I: Hardanger 1991:45-55.

Sunmann, Per: Sjå Jarnæs, J., P. Sunmann og L. Trollerud.

Svanevik, Anne: Analogi i navneendringer. I: G. Albøge, E. V. Meldgaard og L. Weise (red.): Analogi i navngivning. (NORNA-rapporter 45.) Uppsala 1991:199-210.

Svanevik, Anne: Some Reflections on Official Personal Name Procedures in Norway. I: Proceedings of the XVIIth International Congress of Onomastic Sciences. Helsinki 13-18 August 1990. Volume 2. Helsinki 1990:408-415.

Svanevik, Anne: Prosjektet 'Når Ola Nordmann blir til Henrik Heitmann. Om navneendring, navneforskning og navnerett'. I: B. Helleland og A. Svanevik (red.): Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:105-109.

Svanevik, Anne: Norges nyeste personnavnlovgivning sammenliknet med de nye personnavnlovene i Danmark, Sverige og Finland. I: Studia anthroponymica Scandinavica 9 (1991):119-132.

Svanevik, Anne: Årets personnamnbok: Namneboka av Olav Veka. I: Nytt om namn. Nr. 14 - 1991:24-26. /Bokmelding./

Svanevik, Anne: "Kva skal barnet heite". I: Nytt om namn. Nr. 13 - 1991:33-35. /Om brosjyren Kva skal barnet heite, utg. av Tynset og Alvdal Mållag./

Svanevik, Anne: Norske fornavn i Amerika - angloamerikanske fornavn i Norge. I: B. Helleland (red.): Norsk språk i Amerika:193-220.

Svanevik, Anne: Sjå Helleland, B. og A. Svanevik (red.).

Sæther, Svein Bertil: Namnet Kvennværet. I: Årbok for Fosen 1991:117-121.

Torp, Arne: Fra Maurnesbekken til Strannasenteret. Filologiske feriefilosoferinger om stedsnavn - Langs bekken fra Gåskjenn til Jorkjenn. I: Tvedestrandsposten 8.8.1991.

Trollerud, Lars: Sjå Jarnæs, J., P. Sunmann og L. Trollerud.

[u. forf.]: Stadnamn. I: Gåmålt frå Lesja og Lesjaskog 1991:91-92.

Veka, Olav: Namneboka. Oslo 1991. 175 s.

Vistdal, Oskar: Ivar Kleivens brevskifte om namnespørsmål. I: G. Alhaug, K. Kruken og H. Salvesen (red.): Heidersskrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991:502-516.

Warberg, Thor: Gardsnamna Ålsgard (Ål, Gol, Nes) og Ålstveit (Hemsedal). I: Dølaminne. Årbok for Hallingdal 1991:79-81.

Ødegård, Svein-Erik: Navnet Tjøstel i Stangeslekter i eldre tid. I: Gammalt frå Stange og Romedal 1991:147-161.

Øverby, Joleik: Lydskriftfonten "Norvegia". I: Talatrosten 1991:5-14.

Aanderaa, Johs.: Om Kultur- og vitskapsdepartementet sitt arbeid med framlegg til nye reglar for skrivemåten av stadnamn. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:7-10.

Aars, Ivar: Frå *Strønd* til *Stran(d)* og *Brøtin* til *Bråten*. Målføre og normalisering av stadnamn i Valdres. I: B. Helleland og K. Kruken (red.): Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking:56-61.

Aarset, Terje: Ny utgåve av Norsk personnamnbibliografi. I: B. Helleland og A. Svanevik: Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking:119-120.



– Hvor er det længe siden, jeg har set Dem, hr. professor!
– I lige måde – det er nok derfor!

Returadresse:
Avdeling for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

KONFERANSERAPPORTAR

1. *Nasjonal konferanse i namnegransking.* Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namne-arkiv og utgjeving av bustadnamn.)

2. *Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.)

3. *Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.)

4. *Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.)

5. *Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 150 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn. Tillegg: Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, med merknader og forskrifter.)

6. *Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking.* Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. 147 sider. Pris kr. 60,-. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.)

ISSN 0800 - 4676